



MØTEBOK

Møtedato: 09.02.2016

Møtetid:

Kl. 12:00 – 15:30

Møtestad: Heradshuset

Saksnr.:

025/16 - 039/16

Desse medlemmene møtte:	Parti
Amar Kvernevik	Ap
Audun Mundal	Krf
Solveig Lien Gusdal	Sp
Edgar Kvernevik	SD
Jan Asle Rustøen	H
Mariel Eikeset Koren	MDG

Forfall/møtte ikkje	Parti	Følgjande varamedl. møtte	Parti
Kent Øystein Hjelle	Sp	Ole Henning Ommedal	Sp

Ugilde	Sak	§ i forv.lov	Følgjande varamedl. møtte
Ole Henning Ommedal	39/16	6, 2. ledd	Ingen
Solveig Lien Gusdal	39/16	6, 2. ledd	Ingen

Møteleiar:	Arnar Kvernevik
Frå adm. møte:	Teknisk sjef Kjell Petter Solhaug Avd.ing. Bjørn Aurlien
Utlevert i møtet:	Merknad frå grunneigarane i Røyrvik i sak 37/16
Orientering:	Sjå sak 26/16!
Sp.mål/interpell.:	
Synfaring:	
Diverse:	

Underskrifter:

Arnar Kvernevik

SAKLISTE

Sak nr.	Sakstittel
025/16	Godkjenning av møtebok, innkalling og sakliste
026/16	Referat og orienteringsaker
027/16	Frådeling av teig til fritidsformål på Dimma
028/16	Uttale til konsesjonssøknad - Kvitfella II kraftverk
029/16	Uttale til konsesjonssøknad - Rauset kraftverk
030/16	Uttale til konsesjonssøknad - Traudalen småkraftverk
031/16	Uttale til konsesjonssøknad - Langedalselva kraftverk
032/16	Uttale til konsesjonssøknad - Skorgeelva kraftverk
033/16	Uttale til konsesjonssøknad - Haugaelva kraftverk
034/16	Uttale til konsesjonssøknad - Solheim kraftverk
035/16	Uttale til konsesjonssøknad - Kaldeelva kraftverk
036/16	Uttale til konsesjonssøknad - Sessaelva kraftverk
037/16	Uttale til konsesjonssøknad - Øyrane kraftverk
038/16	Uttale til konsesjonssøknad - Røyrvik kraftverk
039/16	Uttale til konsesjonssøknad - Ommedal kraftverk



SAKSGANG

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr.
MULTEK-utvalet	09.02.2016	025/16

Avgjerd av: MULTEK-utvalet Saksbehandlar: Jan Kåre Fure	Arkiv: 033 Objekt:	Arkivsaknr.: 16/227-1
--	-------------------------------------	---------------------------------

Godkjenning av møtebok, innkalling og sakliste

Møteboka frå MULTEK-utvalet sitt møte den 4. februar i år blir lagt fram til godkjenning.

Samstundes ber utvalsleiaren om godkjenning av innkallinga og saklista til dette møtet.

UTVALSLEIAREN SI TILRÅDING:

1. MULTEK-utvalet godkjenner møteboka frå sitt møte den 4. februar 2016
2. MULTEK-utvalet godkjenner innkallinga og saklista til møtet den 9. februar 2016.

09.02.2016 MULTEK-UTVALET

025/16 VEDTAK:

1. MULTEK-utvalet godkjenner møteboka frå sitt møte den 4. februar 2016
2. MULTEK-utvalet godkjenner innkallinga og saklista til møtet den 9. februar 2016.

Vedtaket var samrøystes.



SAKSGANG		
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr.
MULTEK-utvalet	09.02.2016	026/16
Avgjerd av: MULTEK-utvalet Saksbehandlar: Kjell Petter Solhaug	Arkiv: 033 Objekt:	Arkivsaknr.: 16/226

Referat og orienteringssaker

Refererte skriv og meldingar:

Det er så langt ingen referat eller orienteringssaker.

Ordet fritt...

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Rådmannen legg ikkje fram tilråding i saka.

09.02.2016 MULTEK-UTVALET

026/16 VEDTAK:

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.



SAKSGANG		
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
MULTEK-utvalet	09.02.2016	027/16
Formannskapet	15.02.2016	019/16

Avgjerd av: Formannskapet	Objekt: 59/4	Arkivsaknr.:
Saksbehandlar: Bjørn Aurlien	Arkiv: L33	16/93-2

Frådeling av teig til fritidsformål på Dimma

Vedlegg:

Dok.nr Tittel på vedlegg
265028 Kartutsnitt

Bakgrunn for saka:

Gloppen kommune har motteke søknad om frådeling av ein teig på støylen Dimma. Søknaden er i strid med arealformålet i kommuneplanen, og det er difor søkt om dispensasjon frå planen.

Saksutgreiing:

Søklar er advokat Mardal på vegne av grunneigar Per Lund. Han skriv følgjande:
I samband med sal av gbnr. 59/4 i 2012, vart tunet, strandområdet og eit mindre areal rundt Haugtun frådelt. Tomt på Dimma var likeeins føresett tidlegare frådelt, og vart unnateke salet jf. kjøpeavtale, noko som ikkje var korrekt. Tomta vert med dette søkt frådelt gbnr. 59/4.

Tomta var opphavleg meint å skulle nyttast til støyldrift jf. utskifting av sæterkvia i 1906, og det vert søkt om dispensasjon frå kommuneplanen for omdisponering av arealet frå LNF til hytte-formål jf. bebyggelse i området på øvrige frådelte tomter.

Det er ikkje kome merknader til nabovarselet.

Økonomiske konsekvensar for kommunen:

Ingen.

Rådmannen si vurdering:

Rammene for eit dispensasjonsvedtak finn ein i plan- og bygningslova §19-2 der det mellom anna står:

Dispensasjon kan ikke gis dersom hensynene bak bestemmelsen det dispenseres fra, eller hensynene i lovens formålsbestemmelse, blir vesentlig tilsidesatt. I tillegg må fordelene ved å gi dispensasjon være klart større enn ulempene etter en samlet vurdering.

Kommuneplanen for Gloppen inneheld retningslinjer for støyksområda, som mellom anna seier:

Eigedomsretten på støylen er knytt til gardsbruk og som regel definert gjennom jordskifte. Det bør ikkje gjevast løyve til frådeling av tomt eller punktbeste på støylen.

Formannskapet har tidlegare uttalt at retningslinene for støylsområda i kommunen er utdaterte og må reviderast ved ny gjennomgang av kommuneplanen. Rådmannen er usikker på om dette også vil gjelde det som er sagt om eigedomsforholda på støylane. Uansett er ikkje revisjonen gjennomført enda, og rådmannen har difor inntil vidare ikkje anna å halde seg til enn gjeldande retningsliner. Formålet med retningslinene er mellom anna å unngå at støylsområda utviklar seg til ordinære hyttefelt. På Dimma er det også sett av eit stort hytteområde vest for støylen for å demme opp for dette. Det er ei rekkje tomter i hyttefeltet som det ikkje er bygd på enda.

Rådmannen oppfattar søkjar si grunngeving for dispensasjon som todelt:

1. Feil føresetnader i kjøpsavtale gjer at teigen må delast frå.
2. Her er frådelte tomter med hytter frå før i same området.

Punkt 1 er slik rådmannen ser det eit privatrettsleg forhold som ikkje kan nyttast som grunngeving for vedtak om dispensasjon frå plan.

Rådmannen kan ikkje sjå at opplysningane i punkt 2 er rette. Teigane på Dimma er eigedomsteigar knytt til gardsbruk med støylsrett, og ikkje frådelte hyttetomter. Her er rett nok to nyare eigedomar, oppretta i 2009 som erstatning for eldre festerettar for støylsbus, men det vart sett vilkår i delingsløyvet om samanføyning av desse teigane med dei respektive småbruka som støylsbusa høyrer til, slik at ikkje dette skal bli fritt omsettelege fritidseigedomar. Eigarane har ikkje følgd opp krav om samanføyning, men dette vil bli følgd opp av teknisk kontor nå.

Rådmannen kan ikkje sjå at søkjar har synleggjort at delinga ikkje vil vere i strid med omsyna bak vedteken kommuneplanen, eller at det vil vere klart større fordelar enn ulemper ved å imøtekome søknaden. Det manglar då formell heimel til å kunne gi dispensasjon. Rådmannen meiner vel heller ikkje at det ville vore ein god ide å gi dispensasjon sjølv om det hadde vore råd å forsvare reint formelt.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Gloppen formannskap meiner søknaden om dispensasjon frå kommuneplanen for frådeling av gbnr. 59/4 sin teig på Dimma ikkje er i samsvar med krava i plan- og bygningslova § 19-2, og avslår difor søknaden.

09.02.2016 MULTEK-UTVALET

027/16 VEDTAK:

MULTEK-utvalet er samd i tilrådinga.

Vedtaket var samrøystes.



SAKSGANG		
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
MULTEK-utvalet	04.02.2016	013/16
MULTEK-utvalet	09.02.2016	028/16
Kommunestyret	22.02.2016	

Avgjerd av: Kommunestyret Saksbehandlar: Bjørn Aurlien	Objekt: Arkiv: S11	Arkivsaknr.: 16/66-2
---	-------------------------------------	--------------------------------

Uttale til konsesjonssøknad - Kvitfella II kraftverk

Vedlegg:

Dok.nr Tittel på vedlegg
264209 Kart Kvitfella II

Oppsummering:

Det er ei nasjonal målsetting å auke produksjonen av fornybar energi. Gloppen kommune har naturressursar som kan utnyttast med moderate naturinngrep, og har så langt sett positivt på dei fleste prosjekta som har vore sendt på høyring.

Rådmannen har ikkje vesentlege innvendingar mot søknaden om utbygging av kraftverket Kvitfella II, men er på grunn av utbyggingskostnadene sterkt i tvil om prosjektet bør gjennomførast.

Bakgrunn for saka:

NVE har lagt konsesjonssøknad frå Kvitfella Kraft AS ut til offentleg gjennomsyn med merknadsfrist 18.03.2016.

Saksutgreiing:

12 grunneigar på Ravnestad, Sande og Rauset bygde i 2004 kraftverk i nedre del av Kvitfella. Utbygginga var friteke frå konsesjonshandsaming på grunn av at utbygginga ikkje ville føre til skade eller ulempe i ein slik grad at det var naudsynt med konsesjon etter vassressurslova §8.

Kvitfella II som nå er omsøkt er ei tilnærma identisk utbygging på same elvestrekninga, men røyrgate og kraftstasjon er tenkt lagt på andre sida av elva i forhold til eksisterande utbygging. Installert effekt er som Kvitfella I på 1,25 MW, og slukeevna er den same som eksisterande kraftverk. Samla slukeevne på kraftverka vil bli om lag 2x middelvassføring i elva. Sidan kraftverket berre vil kunne vere i drift i periodar med større vassføring enn slukeevna til Kvitfella I, er årsproduksjonen stipulert til 2,61 GWh, om lag 3.0 GWh mindre enn Kvitfella I. Minstevassføringa i elva er tenkt dobla frå dagens 20 l/s til 38 l/s. Det blir ein ny inntakskonstruksjon knytt til same inntaksdammen som Kvitfella I, og nedgreven røyrgate ned til kraftstasjonen. Heile anlegget er plassert i skogsterreng, hovudsakleg lauv-/furuskog. Siste delen ned mot kraftstasjonen går gjennom eit lite granfelt.

Økonomiske konsekvensar for kommunen:

Utbyggingskostnadene er kalkulert til 14 mill. som gir ein utbyggingspris på 5,36 kr/kWh. Tiltaket er forutsett å styrkje det lokale næringsgrunnlaget og bidra til å oppretthalde busetting og lokal aktivitet, og gjennom det også skatteinntekter til kommunen. Potensielle skatteinntekter til kommunen er ikkje konkretisert. Utbyggingskostnadene er svært høge i forhold til prosjekt som har vore realisert i kommunen så langt. Det følgjer ikkje ein økonomisk analyse av prosjektet med søknaden.

Kvitefella Kraft AS betaler i dag om lag kr. 46.000,- årleg i eigedomsskatt for eksisterande kraftverk. Anna skatteinngang på grunn av kraftinntekter og fallrettsleige er ikkje sett på.

Rådmannen si vurdering:

Kommunestyret har vedteke følgjande retningslinjer for kommunen si behandling av søknader om småkraftverk:

Gloppen kommunestyre er positive til at det kan byggast ut småkraftverk i kommunen. Før kommunestyret tek avgjer til den einskilde søknad skal kommunestyret vurdere:

- Visuelt inntrykk etter utbygging
- Innverknad på det tradisjonelle landbruket (resipient, flaum m m)
- Tilhøvet til anna næring (t. d turistnæring, utmarksnæring)
- Naturinngrep ved utbygging
- Den samla utbygging i området
- Kraftlineføring
- Kor stor del av vassdraget som er tenkt utnytta
- Økonomi
- Eigarskap

Det vil normalt ikkje bli tilrådd utbygging i område som det allereie er lagt vernerestriksjonar på.

1. Visuelt inntrykk etter utbygging

Dette vil dreie seg om inntakskonstruksjonar knytt til eksisterande dam, ein kraftstasjonsbygning i tradisjonell byggestil, terrenginngrep i rørtraseen som vil vere mest synlege i anleggsperioden og nokre år framover, og ytterlegare redusert vassføring i elva. Denne delen av elva er lite synleg på avstand, så endringane har mest å seie for dei som ferdast i nærområdet. Denne delen av elva er vel gjerne heler ikkje så mykje brukt som turområde. Rådmannen si vurdering er at det visuelle inntrykket neppe bør vere eit avgjerande moment for eller mot denne søknaden.

2. Innverknad på det tradisjonelle landbruket (resipient, flaum m.m.)

Utbygginga vil i liten grad ha innverknad på det tradisjonelle landbruket.

3. Tilhøve til anna næring (t.d. turisme, utmarksnæring)

Det er ikkje kjent at Kvitefella I har hatt særleg innverknad på anna næring, og det er vanskeleg å sjå at Kvitefella II vil endre dette vesentleg.

4. Naturinngrep

Lite naturinngrep utover det som er omtalt i punkt 1. Konklusjonen frå konsekvensvurderinga for biologisk mangfald er at tiltaket vil ha liten til middels negativ verknad på biologisk mangfald langs elva.

5. Samla utbygging i området

NVE har sendt på høyring 13 småkraftsaker i Gloppen samtidig og ber spesielt om at

samla belastning av utbyggingane blir vurdert.

Frå før er berre Kvitefella I etablert i området, og det er gitt konsesjon til utbygging i Breidalselva. Av dei 13 sakene som nå er på høyring er det relevant å nemne planane for utbygging av Skorgeelva, Langedalselva og Traudalselva, og ikkje minst neste etappe av Kvitefella (Rauset kraftverk) frå inntak i høgde med Rausetstøylen ned til kraftstasjon om lag ved inntaket for Kvitefella I (og II)

Kommunestyret har ikkje gitt nærare kriterier for kva som skal ligge i ei vurdering av samla belastning. I den grad samla belastning skal ha noko å seie, er det vel ikkje urimeleg å stille spørsmål ved to nye kraftprosjekt i same elva som er utbygd frå før. Elles har vel Gloppen kommune si haldning så langt vore at så lenge det enkelte kraftprosjektet inneber marginal belastning blir heller ikkje den samla belastninga av fleire tiltak særleg stor.

6. Kraftlinjeføring

I konsesjonssøknaden står at eksisterande kraftverk er knytt til 22kV-linje med 200 meter luftspenn, og at det nye kraftverket skal knytast til på same punktet. Eksisterande 22kV-linje har kapasitet til å ta i mot levering frå det nye kraftverket, men det er ein føresetnad at kapasiteten frå Sandane til Reed blir auka ved bygging av ny 132kV linje. Oppdatert anleggskonsesjon for denne linja vart gitt av NVE i august 2015 etter at Olje- og energidepartementet i juni avgjorde klage på NVE sitt opphavlege konsesjonsvedtak.

7. Kor stor del av vassdraget som er tenkt utnytta

Det er planlagt minstevassføring på 38 liter/s heile året, som er identisk med alminneleg lågvassføring. Dette er om lag ei dobling av minstevassføringa som er pålagt Kvitefella I. Samla kapasitet for Kvitefella I og II vil vere om lag 2x middelvassføring. Dette er ikkje veldig stor utnytting i forhold til samanliknbare elvekraftverk. I forhold til dagens situasjon vil utbygginga innebere lågare flaumtoppar og større periodar med minstevassføring. Brukstil på Kvitefella II er i gjennomsnitt rekna til 2088 timar, eller om lag tre månader drift med full yting.

8. Økonomi

Utbyggingspris på 5,36 kr/kWh er langt over det som tidlegare har vore rekna som akseptabel utbyggingspris, og rådmannen stiller store spørsmål ved om dette prosjektet er realistisk å gjennomføre. Det er låg straumpris i dag, og det er venta at denne situasjonen skal vare i fleire år framover.

9. Eigarskap

Kvitefella Kraft AS er eit aksjeselskap eigd av 12 grunneigarar på Sande, Rauset og Ravnestad. Rådmannen har ikkje oversikt over om alle grunneigarar med fallrett også er medeigarar i aksjeselskapet. Mange kraftverk og utbyggingsprosjekt med marginal inntening har vore selt til større investorar den seinare tida.

Det er ingen vernerestriksjonar på det aktuelle vassdraget.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Gloppen kommunestyre viser til rådmannen si saksutgreiing, og stiller seg bak vurderingane. Kommunestyret har ikkje vesentlege innvendingar mot søknaden, men oppmodar utbyggjar til å tenkje nøye gjennom om prosjektet av omsyn til økonomi er fornuftig å gjennomføre.

04.02.2016 MULTEK-UTVALET

013/16 VEDTAK:

Saka blir utsett til nytt møte den 9. februar 2016.

Vedtaket var samrøystes.

09.02.2016 MULTEK-UTVALET

028/16 VEDTAK:

MULTEK-utvalet si innstilling:

Gloppen kommunestyre viser til rådmannen si saksutgreiing, og stiller seg bak vurderingane.

Kommunestyret har ikkje vesentlege innvendingar mot søknaden utanom at kraftutbyttet er svært lågt og at utbyggingsprisen difor er svært høg.

Vedtaket var samrøystes.



SAKSGANG		
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
MULTEK-utvalet	04.02.2016	014/16
MULTEK-utvalet	09.02.2016	029/16
Kommunestyret	22.02.2016	

Avgjerd av: Kommunestyret Saksbehandlar: Bjørn Aurlien	Objekt: Arkiv: S11	Arkivsaknr.: 16/65-2
---	-------------------------------------	--------------------------------

Uttale til konsesjonssøknad - Rauset kraftverk

Vedlegg:

Dok.nr Tittel på vedlegg
264235 Kart Rauset

Oppsummering:

Det er ei nasjonal målsetting å auke produksjonen av fornybar energi. Gloppen kommune har naturressursar som kan utnyttast med moderate naturinngrep, og har så langt sett positivt på dei fleste prosjekta som har vore sendt på høyring.

Rådmannen meiner særleg delar av Kvitfella på den aktuelle strekninga er eit landskapselement som kan bli varig forringa gjennom utbygginga, og at høgare minstevassføring bør vurderast dersom konsesjon blir gitt. Rådmannen er også usikker på om utbygginga er økonomisk forsvarleg.

Bakgrunn for saka:

NVE har lagt konsesjonssøknad for bygging av Rauset kraftverk ut til offentleg gjennomsyn med merknadsfrist 18.03.2016

Saksutgreiing:

7 grunneigar på Ravnestad, Sande og Rauset er samde om å etablere Rauset Kraft AS for å bygge ut Rauset kraftverk.

Kraftverket er planlagt med inntak i Daufosselva og Kvitfella på kote 500 (litt lågare enn Rausetstøylen) Her er tenkt låge betongdammar med tilhøyrande inntakskonstruksjonar og små neddemte areal. På vedlagt kart er vist korleis røyrkata er tenkt plassert i terrenget, dels i traseen til eksisterande veg, og dels i ny trasse. Diameter på røyra vil vere hhv. 400, 600 og 800 mm, og samla lengd på røyrkata vil vere 1650 m.

Eksisterande traktorveg er planlagt opprusta til skogsbilveg. Det vil vere behov for ein kort anleggsveg frå eksisterande veg til inntaket i Kvitfella, og ein vesentleg lengre veg til inntaket i Daufosselva. Denne siste vegen skal i følgje den skriftlege orienteringa vere 150meter lang, men er på kartskisse om lag 300 meter lang. Terrenget opp mot inntaket i Daufosselva er til dels svært bratt, og med om lag 70 meter høgdeskilnad bør vel

anleggsvegen i alle fall vere såpass lang. Slik veg og røyrgate er planlagt vil dei i liten grad vere i konflikt med den gamle støylsråsa.

Kraftstasjonen blir plassert rett opp for inntaket til Kvitefella kraftverk. Her vil bli plassert ein turbin med installert effekt på 3,45 MW. Forventa middel årsproduksjon er 3,74 GWh vinterkraft og 6,61 GWh sommarkraft, til saman 10,35 GWh. Slukeevna er på 1600 l/s, eller om lag 2.5x middelvassføring. Det er planlagt minstevassføring på 27 l/s i Kvitefella og 6 l/s i Daufosselva.

Nettilknytning er planlagt som 1200 m jordkabel fram til kraftstasjon for Kvitefella. Denne blir lagt i røyrkata for Kvitefella II dersom den blir bygd, eller den vil følgje røyrkata for Kvitefella I.

Økonomiske konsekvensar for kommunen:

Utbyggingskostnadene er kalkulert til 41 mill. som gir ein utbyggingspris på 3,96 kr/kWh. Tiltaket er forutsett å bidra til lokal verdiskaping og auke inntektene til grunneigarane, og gjennom det sikre busetting og kulturlandskap. Søkjar reknar også med auka inntekter til kommunen både i anleggsperioden (på grunn av auka lokal sysselsetting?) og ved skatteinntekter etter at anlegget er sett i drift. Det ligg ikkje ved ei økonomisk analyse av utbygginga, eller ei stipulering av skatteinntekter til kommunen.

Rådmannen si vurdering:

Kommunestyret har vedteke følgjande retningslinjer for kommunen si behandling av søknader om småkraftverk:

Gloppen kommunestyre er positive til at det kan byggast ut småkraftverk i kommunen. Før kommunestyret tek avgjer til den einskilde søknad skal kommunestyret vurdere:

- Visuelt inntrykk etter utbygging
- Innverknad på det tradisjonelle landbruket (resipient, flaum m m)
- Tilhøvet til anna næring (t. d turistnæring, utmarksnæring)
- Naturinngrep ved utbygging
- Den samla utbygging i området
- Kraftlineføring
- Kor stor del av vassdraget som er tenkt utnytta
- Økonomi
- Eigarskap

Det vil normalt ikkje bli tilrådd utbygging i område som det allereie er lagt vernerestriksjonar på.

1. Visuelt inntrykk etter utbygging

Dette vil dreie seg om inntakskonstruksjonar i dei to elvene, ein kraftstasjonsbygning i tradisjonell byggestil, terrenginngrep i rørtraseen som vil vere mest synlege i anleggsperioden og ein del år framover, og tilsvarande for vegbygginga fram til inntaka. Daufosselva er ikkje eit særleg markert landskapselement, men den relativt mykje brukte støylsråsa går dels langs elva. Planlagt minstevassføring er lita og elva vil truleg framstå som ganske tørr. Kvitefella har fossestryk som er synlege på lang avstand. Bilete i konsesjonssøknaden viser at det er relativt liten skilnad på landskapsverknaden mellom ei vassføring på 1000 l/s og 130 l/s, men av ein eller annan grunn er ikkje planlagt minstevassføring på 27 l/s visualisert med bilde. Rådmannen registrerer at det i kartlegginga av biologisk mangfald er foreslått ein del høgare minstevassføring som

avbøtande tiltak, og vil også med tanke på visuelt inntrykk tenkje at det kan vere fornuftig.

2. Innverknad på det tradisjonelle landbruket (resipient, flaum m.m.)
Utbygginga vil i liten grad ha innverknad på landbruket, bortsett frå at ein må kunne håpe på at utbygginga vil styrke næringsgrunnlaget og gjennom det gi større handlingsrom for dei grunneigarane som vel å halde fram med tradisjonelt landbruk.
3. Tilhøve til anna næring (t.d. turisme, utmarksnæring)
Området opp mot Rausetstøylen er relativt mykje brukt som turområde for lokalbefolkninga, men er ikkje viktig i turistsamanheng. Det er hytteutleige på Rauset, men denne blir neppe påverka av tiltaket. I søknaden er oppgradering av eksisterande ved til bilveg nemnt som ein positiv effekt av tiltaket, men om dette er positivt eller negativt kan det nok vere ulike meiningar om. I søknaden er det antyda lokal sysselsettingseffekt i anleggsperioden. Med mange potensielle utbyggingar på same tid i ein marknad der det ser ut til at dei lokale entreprenørane jamt over har nok å gjere frå før, er det fare for at den lokale sysselsettingseffekten vil vere marginal.
4. Naturinngrep
Lite naturinngrep utover det som er omtalt i punkt 1. Konklusjonen frå konsekvensvurderinga for biologisk mangfald er at tiltaket vil ha liten til middels negativ verknad på biologisk mangfald langs elva.
5. Samla utbygging i området
NVE har sendt på høyring 12 småkraftsaker i Gloppen samtidig og ber spesielt om at samla belastning av utbyggingane blir vurdert.

Frå før er berre Kvitefella I etablert i området, og det er gitt konsesjon til utbygging i Breidalselva. Av dei 12 sakene som nå er på høyring er det relevant å nemne planane for utbygging av Kvitefella II, Skorgeelva, Langedalselva og Traudalselva. I utbyggingsområdet er det etablert skogsveg opp til Rausetstøylen.

Kommunestyret har ikkje gitt nærare kriterier for kva som skal ligge i ei vurdering av samla belastning. I den grad samla belastning skal ha noko å seie, er det vel ikkje urimeleg å stille spørsmål ved to nye kraftprosjekt i same elva som er utbygd frå før. Elles har vel Gloppen kommune si haldning så langt vore at så lenge det enkelte kraftprosjektet inneber marginal belastning blir heller ikkje den samla belastninga av fleire tiltak særleg stor.

6. Kraftlinjeføring
Jordkabel som anten følgjer eksisterande eller ny kraftgate for Kvitefella vil ikkje ha varige landskapsverknader. Eksisterande 22kV-linje har kapasitet til å ta i mot levering frå det nye kraftverket, men det er ein føresetnad at kapasiteten frå Sandane til Reed blir auka ved bygging av ny 132kV linje. Oppdatert anleggskonsesjon for denne linja vart gitt av NVE i august 2015 etter at Olje- og energidepartementet i juni avgjorde klage på NVE sitt opphavlege konsesjonsvedtak.
7. Kor stor del av vassdraget som er tenkt utnytta
Det er planlagt minstevassføring på 27 og 6 liter/s heile året, som er om lag alminneleg lågvassføring. Slukeevne på 2,5x middelvassføring er relativt høg utnytting. I forhold til dagens situasjon vil utbygginga innebere lange periodar med minstevassføring, og langt mindre flaumtoppar, både i storleik på vassføring og tid. Brukstad på Rauset kraftverk er i gjennomsnitt rekna til 3000 timar, eller om lag fire månader drift med full yting pr. år.

8. Økonomi

Utbyggingspris på 3,96 kr/kWh er svært høgt, og rådmannen stiller spørsmål ved om utbygginga er økonomisk forsvarleg med dagens kraftprisar. Det ligg ingen økonomisk analyse i søknaden, men rådmannen reknar med at elsertifikatorordninga er ein sterkt medverkande årsak til at søknaden kjem nå. Eventuelt krav om høgare minstevassføring vil naturleg nok påverke økonomien i prosjektet negativt.

9. Eigarskap

Kvitfella Kraft AS er eit aksjeselskap eigd av 7 grunneigarar på Sande, Rauset og Ravnestad. Rådmannen har ikkje oversikt over om alle grunneigarar med fallrett også er med i aksjeselskapet.

Det er ingen vernerestriksjonar på det aktuelle vassdraget.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Gloppen kommunestyre er usikker på økonomien i utbygginga og om minstevassføringa som er planlagt for Rauset kraftverk er tilstrekkeleg, men har elles ikkje vesentlege innvendingar mot at det blir gitt konsesjon.

04.02.2016 MULTEK-UTVALET

014/16 VEDTAK:

Saka blir utsett til nytt møte den 9. februar 2016.

Vedtaket var samrøystes.

09.02.2016 MULTEK-UTVALET

Framlegg frå **Arnar Kvernevik (Ap)**:

Gloppen kommunestyre viser til saksutgreiinga og meiner utbygginga av Rauset kraftverk i for stor grad er i konflikt med landskapsverdiane i samband med Fossehyllene til at det bør bli gitt konsesjon.

Framlegget frå Arnar Kvernevik vart vedteke med seks mot ei røyst.

029/16 VEDTAK:

Framlegget frå Arnar Kvernevik vart innstilt mot ei røyst.



SAKSGANG		
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
MULTEK-utvalet	04.02.2016	015/16
MULTEK-utvalet	09.02.2016	030/16
Kommunestyret	22.02.2016	

Avgjerd av: Kommunestyret Saksbehandlar: Anders Nystuen	Objekt: Arkiv: S11	Arkivsaknr.: 16/57-2
--	-------------------------------------	--------------------------------

Uttale til konsesjonssøknad - Traudalen småkraftverk

Vedlegg:

Dok.nr	Tittel på vedlegg
264887	Situasjonskart Traudalen, alternativ 1
264888	Situasjonskart Traudalen, alternativ 2

Oppsummering:

Det er ei nasjonal målsetting å auke produksjonen av fornybar energi. Gloppen kommune har naturressursar som kan utnyttast med moderate naturinngrep, og har så langt sett positivt på dei fleste prosjekta som har vore sendt på høyring.

Traudalen kraft har lagt fram to ulike alternativ for utbygging, som gjeld plassering av kraftstasjonen. Ved alternativ 1 er kraftstasjonen plassert nede ved elva, medan alternativ 2 har ein plassering ved tilkomstvegen til Ryggjastøylen. Alternativ 2 gjev noko høgare utbyggingskostnader, med ein auke av maksimal slukeevne for å oppnå same produksjon som alternativ 1.

Ei utbygging av Traudalen med alternativ 1 meiner rådmannen som lite konfliktfylt.

Bakgrunn for saka:

NVE har lagt konsesjonssøknad frå Traudalen Kraft AS ut til offentleg gjennomsyn med merknadsfrist 18.03.2016.

Saksutgreiing:

Tiltakshavar for Traudalen kraftverk er Traudalen Kraftverk AS, som er skipa av berørte fallrettseigarar. Eigarane er alle gard- og småbrukarar som har sett eit høve til å sikre driftsgrunnlag og inntekter for bruka sine. Det er tidlegare søkt om fritak for konsesjon etter vassressurslova i 2007, som eit ledd i planlegginga. NVE av slo dette med grunngjeving om at Traudalselva som ligg i Ryggvassdraget er verna i verneplan IV. I dette brevet påpeiker dei at verneverdiane best kan avklarast gjennom ei konsesjonshandsaming.

Traudalen kraftverk er planlagd å utnytte eit fall på 229 m frå inntak på kote 312 ned til kraftstasjon på kote 83. Det er tenkt å bygge ein enkel inntaksløysing ved Ryggjastøylen som vil inkludere ein fyllingsterskel over elva med eit støypert inntaksløp på den eine sida. Plasseringa er bestemt av ein eksisterande badehøl som er laga til i elva. I tillegg er det lagt fram eit forslag til ein alternativ plassering av kraftstasjonen ved Traudalsvegen. Utløpet frå

stasjonen vil her bli nedgraven i røyr ned til Mogjølet, med avløp ved same punkt som alternativ 1.

Frå inntaket blir vatnet ført gjennom eit 1680 m langt nedgravid røyr med diameter 0,6 m. I øvre del følgjer røyrret eksisterande skogsveg før den kryssar støylsvegen to gonger ned til Pålhjellen. Herifrå vert tilløpsrøyrret lagt i nedgraven grøft i meir eller mindre rett line gjennom skogen til kraftstasjonen ved Mogjølet. Røyrret vil bli lagt i lausmassar på heile strekninga og vil truleg ikkje krevje sprenging av fjell. Elles vil røyr gata bli planta etter legging. Alternativ 2 for plassering av kraftstasjon skil seg frå alternativ 1 ved at røyrtraseen frå Pålhjellen går vidare i vegskulder på vestsida av Traudalsvegen ned til kraftstasjonen.

Kraftstasjonen er planlagd plassert på kote 83 ved Mogjølet like nedstrøms der Traudalselva møter Langedalselva. Installert effekt er 1 MW og det er stipulert ein årsproduksjon på 7,0 GWh fordelt på 3,7 GWh om sommaren og 3,3 GWh om vinteren. Det er planlagt ein minste slukeevne på 55 l/s og ein maksimal slukeevne på 550 l/s. Det er lagt opp til minstevassføring på 500 l/s i sommarhalvåret og 100 l/s i vinterhalvåret. For alternativ 2 vert kraftstasjonen plassert ved Traudalsvegen på kote 92, slik at samla fallhøgde vert noko mindre enn for alternativ 1. For å oppnå same produksjon må maksimal slukeevne her aukast med eit par prosent.

Frå Traudalen kraftverk vil det for alternativ 1 i samband med nettilknytning vere luftlinje på totalt 80 m bort til eksisterande linje på andre sida av Ryggelva ved Mogjølet. Derifrå vil den gå 550 m til eksisterande linje med felles løysing for Breidalen kraftverk og eventuelt Langedalen kraftverk. For alternativ 2 vert det også ei felles løysing, bortsett frå at linja vert 250 m lenger. Det er ikkje rekna med at det vert trong for å hente masse frå andre stader enn røyrtraseen. Det er heller ikkje rekna med overskotsmassar som treng deponerast.

Økonomiske konsekvensar for kommunen:

Utbyggingskostnadene for plassering av kraftstasjon ved alternativ 1 er kalkulert til 15,55 mill. som tilsvarar ein utbyggingspris på 2,22 kr/kWh. Kostnadene for alternativ 2 er kalkulert til 16,46 mill. som tilsvarar ein pris på 2,35 kr/kWh. Tiltaket er forutsett å styrkje det lokale næringsgrunnlaget og bidra til å oppretthalde busetting og lokal aktivitet. I søknaden er det opplyst at det offentlege vil kunne få skatteinntekter på 0,5 – 1,0 mill.kr pr. år. Det er ikkje sagt noko om kor stor andel av dette som vil tilfalle kommunen.

Rådmannen si vurdering:

Kommunestyret har vedteke følgjande retningsliner for kommunen si behandling av søknader om småkraftverk:

Gloppen kommunestyre er positive til at det kan byggast ut småkraftverk i kommunen. Før kommunestyret tek avgjer til den einskilde søknad skal kommunestyret vurdere:

- Visuelt inntrykk etter utbygging
- Innverknad på det tradisjonelle landbruket (resipient, flaum m m)
- Tilhøvet til anna næring (t. d turistnæring, utmarksnæring)
- Naturinngrep ved utbygging
- Den samla utbygging i området
- Kraftlineføring
- Kor stor del av vassdraget som er tenkt utnytta
- Økonomi
- Eigarskap

Det vil normalt ikkje bli tilrådd utbygging i område som det allereie er lagt vernerestriksjonar på.

1. Visuelt inntrykk etter utbygging

Tiltaket vil ha relativt enkle inntakskonstruksjonar, med enkel fyllingsterskel over elva med støypt inntaksløp. Kraftstasjonen vil vere oppført i tradisjonell og lokal byggestil, og terrenginngrepa vil vere mest synlege i anleggsperioden og nokre år framover.

Inntaket med terskelbasseng vil vere godt synleg frå parkeringsplassen ved Ryggjastøylen og på oversida av elvebredda. Eksisterande badehøl ved inntaket vert ikkje påverka av tiltaket. Elva går eit stykke parallelt med skogsvegen før den går over i eit parti kor den vert djupare nedskore i terrenget. Langs med skogsvegen vil elva kun vere synleg ved nokre høgdeparti i øvre del. Herifrå må ein gå i ulendt terreng ned til elva for å sjå redusert vassføring. Slik rådmannen ser det vil ikkje endra visuelt inntrykk vere ein avgjerande faktor i denne saka

2. Innverknad på det tradisjonelle landbruket (resipient, flaum m.m.)

Utbygginga vil i liten grad ha innverknad på det tradisjonelle landbruket. Frå inntaket vil røyrgata stort sett passere skogsområde og utmark på sin veg ned til kraftstasjonen. Utmarka er i dag nytta til hjortejakt og skogsdrift. Opprustinga av eksisterande støyls-/skogsveg er forutsett å betre forholda, både for skogsdrift og hjortejakt.

3. Tilhøve til anna næring (turisme, utmarksnæring)

Ryggjastøylen er ein av innfallsportane til Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Inntaket til kraftverket vil ikkje ligge innanfor dette verneområdet. Det er vanskeleg å sjå for seg at tiltaket skulle kunne ha negativ innverknad på turisme eller anna næring knytt til utmark generelt eller spesielt til verneområdet. Elles vil auka økonomisk handlefridom for grunneigarane om mogleg føre til auka satsing på alternativ næring i bygda, men det er ikkje nemnt noko konkret initiativ for dette.

4. Naturinngrep

Frå inntaket vil røyrgata verte graven ned i grøft mellom elva og vegen i ein strekning på om lag 85 m. Deretter kryssar røyret under støylsvegen og følgjer derifrå stort sett eksisterande veg ned til Pålhjellen. Herifrå vil røyret meir eller mindre følgje ei rett linje ned til kraftstasjonen. Langs traseen er det stort sett grus og steinmassar heile vegen, og det vert mest sannsynlig ikkje trong for noko fjellsprenging. På heile strekninga vil røyret bli lagt i lausmassar og det vil nokre plassar vere naudsynt å hogge ned skog.

Det er ikkje registrert særleg verdifull natur i området, og naturinngrepet vil verte synleg i avgrensa områder og i noko tid etter anleggarbeidet. Elles går det fram av søknaden at traseen vil bli planta til etter legging av røyrgata. Store delar av traseen går langs med ein tursti. Rådmannen ser det som ein føresetnad at det leggjast til rette for revegetering her og i øvrige delar av traseen.

5. Samla utbygging i området

I same område på sørsida av Gloppefjorden er det gjeve konsesjon for utbygging av Breidalselva som allereie har starta utbygginga. I tillegg søkjast det også om konsesjon for utbygging av Langedalselva, elva der Breidalselva munnar ut.

NVE har opna for bygging av mikro- og minikraftverk i verna vassdrag med installert effekt under 1 MW under føresetnad at utbygginga ikkje kjem i konflikt med verneverdiane. I Ryggelva er verneverdiane knytt til kvartærgeologi, landskapsformer og kulturminner. NVE har vurdert at Breidalselva kraftverk ikkje kjem til å påverke verneverdiane nemneverdig ettersom fråføring av vatn og andre inngrep medfører små

verknader for naturmiljø, landskap og kulturminner. Det er no søkt om konsesjon for tre greinar av Ryggelva totalt, kor det allereie er gjeve løyve for utbygging av Breidalselva.

6. Kraftlineføring

For kraftstasjonsplassering ved alternativ 1 og 2 vert det luftlinje bort til eksisterande linje, og elles ein samordning med Breidalselva kraftverk og eventuelt Langedalselva kraftverk. Ved alternativ 2 er det berekna at linja vil verte 250 m lengre. Det er ikkje nemnt noko i søknaden om legging av jordkabel, utover at dei skal samordne nettilknytning med dei andre kraftverka. Ein kraftoverføring i luftlinje vil såleis verte meir synleg i landskapet.

7. Kor stor del av vassdraget er tenkt utnytta

Det er planlagt å sleppe ein minstevassføring om sommaren på 500 l/s og ein minstevassføring om vinteren på 100 l/s. Maksimal slukeevne er planlagt dimensjonert til 550 l/s og minste slukeevne til 55 l/s. Dette medfører at kraftverket vil vere ute av drift og alt vatn vil renne i elva når vassføringa er under 555 l/s i sommarhalvåret og under 155 l/s i vinterhalvåret. Ut i frå elva si plassering i landskapet vil ikkje tiltaket medføre store inngrep i vassvegen.

8. Økonomi

Ein utbyggingspris mellom 2,22 – 2,35 kr/kWh burde normalt gje god økonomi i prosjektet.

9. Eigarskap

Tiltakshavar for Traudalen kraftverk er Traudalen Kraftverk AS. Selskapet er skipa av berørte fallrettseigarar. Fallretten som kraftverket skal nytte ligg dels i sameige mellom heimelshavarane til gnr. 11 Grov og gnr. 12 Rygg og dels i sameige mellom heimelshavarane til gnr. 9 Gimmestad og gnr. 10 Moen. Ein liten del av fallretten lengst nede ligg til gnr. 10/1 si innmark. Rygg/Grov rår over kring 70 % av planlagt nytta fallrett, medan Gimmestad/Moen rår over dei resterande kring 30 %.

Rådmannen meiner utbygging av Traudalselva er lite problematisk i forhold til dei kriterie kommunestyret har vedteke skal leggjast til grunn for kraftutbyggings saker.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Gloppen kommunestyret har ikkje vesentlege innvendingar mot at det vert gjeve konsesjon til Traudalen Kraftverk AS for bygging av Traudalen kraftverk. Dette gjeld for både alternativ 1 og 2, sjølv om sistnemnte har noko høgare utbyggingskostnad og syner ein auke i maksimal slukeevne. Det er ikkje nemnt kor mange prosent det er naudsynt å auke slukeevna for dette alternativet. Ein føresetnad for utbygging av alternativ 2, vil vere at ein auke av slukeevna ikkje gjev nemneverdige negative verknader for vassføringa.

Elles vil kommunestyret oppmode om at det vert teke omsyn til og lagt til rette for revegetering langs røytraseen under og etter utbygging.

04.02.2016 MULTEK-UTVALET

015/16 VEDTAK:

Saka blir utsett til nytt møte den 9. februar 2016.

Vedtaket var samrøystes.

09.02.2016 MULTEK-UTVALET

Framlegg frå **Mariel Eikeset Koren (MDG)**:

Gloppen kommunestyre viser til rådmannen si tilråding om utbygging i verna vassdrag, og rår NVE til å ikkje gje konsesjon.

Framlegg frå **Arnar Kvernevik (Ap)**:

Gloppen kommunestyret har ikkje innvendingar mot at det vert gjeve konsesjon for bygging av Traudalen kraftverk.

Det vart røysta slik:

1. Framlegget frå Mariel Eikeset Koren, som fekk ei røyst
2. Rådmannen si tilråding, som fekk ei røyst
3. Framlegget frå Arnar Kvernevik, som fekk fem røyster.

030/16 VEDTAK:

Framlegget frå Arnar Kvernevik vart innstilt mot to røyster.



SAKSGANG		
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
MULTEK-utvalet	04.02.2016	016/16
MULTEK-utvalet	09.02.2016	031/16
Kommunestyret	22.02.2016	

Avgjerd av: Kommunestyret Saksbehandlar: Anders Nystuen	Objekt: Arkiv: S11	Arkivsaknr.: 16/59-2
--	-------------------------------------	--------------------------------

Uttale til konsesjonssøknad - Langedalselva kraftverk

Vedlegg:

Dok.nr Tittel på vedlegg
264890 Oversiktskart Langedalselva

Oppsummering:

Det er ei nasjonal målsetting å auke produksjonen av fornybar energi. Gloppen kommune har naturressursar som kan utnyttast med moderate naturinngrep, og har så langt sett positivt på dei fleste prosjekta som har vore sendt på høyring.

Rådmannen ser ei utbygging av Langedalselva som lite konfliktfylt, men meiner ein utbyggingskostnad på 3,35 kr/kWh er noko høg sett i forhold til dagens låge kraftprisar.

Bakgrunn for saka:

NVE har lagt konsesjonssøknad frå Moane Kraft AS ut til offentlig gjennomsyn med merknadsfrist 18.03.2016.

Saksutgreiing:

Det søkjast konsesjon for utbygging av Langedalselva kraftverk i Ryggvassdraget. Utbygginga er planlagt i regi av grunneigaranes eige aksjeselskap Moane Kraft AS. Ryggvassdraget er eit verna vassdrag i henhold til Verneplan IV frå 1993, og Stortinget vedtok i 2004 lov som opnar opp for å søkje konsesjon for kraftverk med effekt inntil 1 MW i verna vassdrag. Det er allereie gjeve konsesjon for utbygging av Breidalselva, sideelva som renner ut i Langedalselva.

Langedalselva kraftverk vil nytte eit fall på 283 m i elva med inntak på kote 375 og kraftstasjon på kote 92. Inntaket er tenkt bygd med ein 1 meter høg overløpsterskel i betong tvers over elva med ein lengde på om lag 15 meter. Elva blir leia inn i ein 3 meter djup og om lag 10 meter lang inntaksgrop langs elvebredda framfor inntakskonstruksjonen. Inntaket vil vere ein kasseforma betongkonstruksjon som stort sett ligg under terrengnivå.

Frå inntaket blir vatnet ført gjennom eit 1970 m langt nedgraven røyr med diameter 0,6 m. Rørgatetraseen vil følgje skråninga mellom skogsbilvegen og elva ca. 600 m før den går over ein strekning på ca. 450 m og kryssar over ein morenerygg og eit lite dalsøkk for så å krysse Langedalsvegen ca. 1050 m frå inntaket. Herifrå går traseen i relativt slakt og opent

skogsterreng ned til stasjonstomta. Røyret er planlagt med ein overfyllingshøgde på ca. 1,0 – 1,5 m. Bearbeidd breidde på traseen vil verte begrensa til ca. 20 m. Opphavleg vegetasjonsdekke over røytraseen vil verte forsøkt lagt til sides og tilbake igjen for å sikre rask revegetering.

Kraftstasjonen plasserast like oppstrøms for Mogjølet ved elvebredda til Langedalselva med avløp på kote 92. Ved elvebredda er det eit tilnærma flatt areal som gjev plass til stasjonsbygningen og avløpet. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 0,99 MW med ein stipulert årleg produksjon på 6,3 GWh. Fordelinga er fortrinnsvis på 3,2 GWh om vinteren i perioden 1/10 – 30/4 og på 3,1 GWh i perioden 1/5 – 30/9 om sommaren. Det er planlagt ein minste slukeevne på 47 l/s og ein maksimal slukeevne på 470 l/s. Minstevassføringa er planlagt å vere på 50 l/s gjennom heile året.

Det er planlagt å opparbeide ein 50 m tilkomstveg frå skogsbilvegen til inntaket. I tillegg må det opparbeidast ein 50 m tilkomstveg frå eksisterande veg ned til elveleiet og stasjonstomta. Arbeid med røygata vil ikkje krevje spesielle tilkomstvegar utover dei allereie eksisterande traktorvegane i området. Det vil heller ikkje vere behov for større massetak eller deponi. Tilknyttinga til nettet er planlagt med ca. 600 m 22 kV jordkabel til mast ved Loggane.

Økonomiske konsekvensar for kommunen:

Utbyggingskostnadene er kalkulert til 21,1 mill. som tilsvarar ein utbyggingspris på 3,35 kr/kWh. Tiltaket er forutsett å styrkje det lokale næringsgrunnlaget og bidra til å oppretthalde busetting og lokal aktivitet. Det er forventat at tiltaket vil bidra til positive samfunnsøkonomiske verknader både lokalt og sentralt.

Rådmannen si vurdering:

Kommunestyret har vedteke følgjande retningslinjer for kommunen si behandling av søknader om småkraftverk:

Gloppen kommunestyre er positive til at det kan byggast ut småkraftverk i kommunen. Før kommunestyret tek avgjer til den einkilde søknad skal kommunestyret vurdere:

- Visuelt inntrykk etter utbygging
- Innverknad på det tradisjonelle landbruket (resipient, flaum m m)
- Tilhøvet til anna næring (t. d turistnæring, utmarksnæring)
- Naturinngrep ved utbygging
- Den samla utbygging i området
- Kraftlineføring
- Kor stor del av vassdraget som er tenkt utnytta
- Økonomi
- Eigarskap

Det vil normalt ikkje bli tilrådd utbygging i område som det allereie er lagt vernerestriksjonar på.

1. Visuelt inntrykk etter utbygging

Tiltaket vil ha relativt beskjedne inntakskonstruksjonar, ein kraftstasjonsbygning i tradisjonell byggestil og med terrenginngrep i røytraseen som vil vere mest synlege i anleggsperioden og nokre år framover. I tillegg vil det vere noko redusert vassføring på den berørte elvestrekninga frå inntaket ned til avløpet ved stasjonen.

Inntakskonstruksjonen med terskelbasseng vil vere synleg frå turstien og Stokkebruna som går over elva ca. 100 m oppstrøms frå inntaket. Frå skogsbilvegen vil det vere

minimalt med innsyn. Elvestrekninga som er berørt av tiltaket går i eit elvegjøl med skogsterreng. Dette terrenget er ikkje mykje nytta av omsyn til friluftsliv, då dei fleste brukar skogsbilvegen som tilkomst og utgangspunkt for friluftsliv innover Langedalsvatnet. Slik rådmannen ser det vil ikkje endra visuelt inntrykk vere ein avgjerande faktor i denne saka.

2. Innverknad på det tradisjonelle landbruket (resipient, flaum m.m.)

Utbygginga vil i liten grad ha innverknad på det tradisjonelle landbruket. Frå inntaket vil røyrkata stort sett passere skogsområde og utmark i stadvis ulendt terreng på sin veg ned til kraftstasjonen.

Tilkomst til kraftstasjon har behov for opparbeiding av ca. 50 m veg frå eksisterande tilkomstveg til gardsbruka ved Moane. Dyrka mark vert ikkje berørt som følgje av dette. Rådmannen vurderer at vegen ikkje vil kome i konflikt med landbruket i dette området.

Kraftstasjonen har ein planlagt plassering nede ved elvebredda. I søknaden kjem det fram at dei skal plastre elvekanten rundt stasjonsbygningen. Av omsyn til stasjonens plassering nede ved elva er det grunn til å tru at den bør sikrast med ein tilstrekkeleg god forankring, slik at bygningen vil kunne stå i mot påkjenningar ved flom eller ved eit eventuelt røyrbrudd i vassvegen.

3. Tilhøve til anna næring (turisme, utmarksnæring)

Utløpet av Langedalsvatnet som renn ut i Langedalselva er ein av innfallsportane til Naustdal – Gjengedal landskapsvernområde. Inntaket til kraftverket vil ikkje ligge innanfor dette verneområdet. Det er vanskeleg å sjå for seg at tiltaket skulle kunne ha negativ innverknad på turisme eller anna næring knytt til utmark generelt eller spesielt til verneområdet. Derimot kan auka økonomisk handlefridom for grunneigarane om mogleg føre til auka satsing på alternativ næring i bygda. Det kjem fram av søknaden at inntektene frå kraftverket kan bidra til å opne eit nytt aktivitets- og reiselivsrelatert næringsgrunnlag for det lokale landbruket i framtida.

4. Naturinngrep

Frå inntaket følgjer røyrkata ein skråning mellom skogsbilvegen og elva ca. 600 meter før den går over eit beiteområde med morenerygg og ned eit bratt dalsøkk før den kryssar skogsbilvegen ca. 1050 frå inntaket. Herifrå går traseen i noko meir slakare og opent skogsterreng ned til kraftstasjonen. I konsesjonssøknaden er det nemnt at det i forbindelse med opparbeiding av røyrkata ikkje vil vere behov fleire tilkomstveggar utover dei allereie etablerte traktorvegane i området. I deler av traseen er det stadvis vanskeleg og bratt terreng som skrånar frå skogsbilvegen og ned mot elva. Det kan tenkast at arbeidet med røyrkata vil føre til noko større naturinngrep i visse områder enn det som er nemnt i søknaden. Samstundes er det ikkje registrert særleg verdifull natur her, og naturinngrepet vil bli synleg i eit avgrensa område. Elles går det fram av søknaden at opphavlveg vegetasjonsdekke skal leggjast tilbake for å sikre rask reetablering av tilnærma same type vegetasjonsmiljø som før.

5. Samla utbygging i området

NVE har sendt ut fleire sakar på høyring samtidig. Sakane gjeld søknad om konsesjon for bygging av tolv småkraftverk og opprusting/utviding av tre eksisterande kraftverk i Gloppen kommune.

I same område på sørsida av Gloppefjorden er det gjeve konsesjon for utbygging av Breidalselva, som er ein sideelv som munnar ut i Langedalselva. Moane Kraft AS er også

tiltakshavar for Breidalselva minikraftverk som fekk løyve til utbygging i 2009. I konsesjonssøknad for Langedalselva kraftverk opplysar dei at det vil bli tilrettelagt for ein felles tilknytning til 22 kV linjenettet med Breidalselva kraftverk. Langedalselva kraftstasjon er også planlagt rett ovanfor kraftstasjon til Breidalselva, på kvar sin side av elva.

I tillegg er det i samband med nåverande høyringspakke søkt konsesjon for utnytting av Traudalselva, som også har sitt utløp til Ryggvassdraget like nedstrøms for planlagt kraftstasjon til Breidalselva og Langedalselva ved Mogjølet.

NVE har opna for bygging av mikro- og minikraftverk i verna vassdrag med installert effekt under 1 MW under føresetnad at utbygginga ikkje kjem i konflikt med verneverdiane. I Ryggelva er verneverdiane knytt til kvartærgeologi, landskapsformer og kulturminner. NVE har vurdert at Breidalselva kraftverk ikkje kjem til å påverke verneverdiane nemneverdig ettersom fråføring av vatn og andre inngrep medfører små verknader for naturmiljø, landskap og kulturminner. Det er no søkt om konsesjon for tre greinar av Ryggelva totalt, kor det allereie er gjeve løyve for utbygging av Breidalselva.

6. Kraftlineføring

Kabel frå stasjonen til næraste eksisterande høgspenline vil bli lagt i jord. Denne kabeltraseen vil ikkje vere synleg i landskapet etter revegetering. Elles er det planlagt å samordne grøftetrase og tilknytning saman med Breidalselva kraftverk.

7. Kor stor del av vassdraget som er tenkt utnytta

Det er planlagt å sleppe ein minstevassføring på 50 l/s gjennom heile året, tilsvarande alminnelig lågvassføring i elva som er på 54 l/s. Det planleggast å dimensjonere ein maks slukeevne på 470 l/s og ein minste slukeevne på 47 l/s. Som følgje av dette vil kraftverket vere ute av drift og alt vatn renne i elva når vassføringa er under 97 l/s gjennom heile året. Slukeevna er satt til dette nivået av omsyn til at vassdraget er verna, og er såleis framstilt som eit avbøtande tiltak i søknaden. Den planlagde utbygginga utnyttar 30 % av medelvassføringa i elva.

Utbygginga vil føre til ein redusert vassføring på om lag 2 km lang elvestrekning. Strekninga som vert omfatta av tiltaket har ikkje ein særleg profilert plassering i landskapet og går i eit elvegjøl gjennom skogsterreng med gran, furu og bjørkeskog. Ut frå utredningane som ligg ved søknaden er det ikkje forventa at tiltaket vil medføre nemneverdige negative konsekvensar verken for verneverdiane, anadrom strekning eller pattedyr og fugl innafor avgrensa viltlokalitet. Rådmannen meiner planane er ei grei avveging mellom utbyggings- og miljøinteresser.

8. Økonomi

Ein utbyggingspris på 3,35 kr/kWh er noko høg, men burde vere tilstrekkeleg for god økonomi i prosjektet. Til samanlikning har Breidalselva kraftverk ein tilsvarande utbyggingskostnad. Dei har no starta opp arbeidet med utbygging. Det bør også nemnast at kraftprisene har vore stabilt låge i 2015, og prognosane for 2016 er forventa å ligge på same nivå. Dersom eigarane ikkje har tilstrekkeleg med eigekapital inn i prosjektet, vil det kunne vere noko risiko involvert av omsyn til inntjening på kraftverket.

9. Eigarskap

Tiltakshavar er Moane Kraft AS, som er eit aksjeselskap stifta av dei 13 grunneigarane med fallrettar i området.

Rådmannen meiner utbygging av Langedalselva er lite problematisk i forhold til dei kriterie kommunestyret har vedteke skal leggjast til grunn for kraftutbyggingssaker. Det kan diskuteras om ein utbyggingspris på 3,35 kr/kWh vil kunne representere noko risiko med tanke på dagens låge kraftprisar.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Gloppen kommunestyre har ikkje vesentlege innvendingar mot at det vert gjeve konsesjon til Moane Kraft AS for bygging av Langedalselva kraftverk. Utbyggingskostnaden på 3,35 kr/kWh er noko høg, og kommunestyret oppmodar utbygger til å tenkje nøye gjennom om prosjektet av omsyn til økonomi er fornuftig å gjennomføre.

04.02.2016 MULTEK-UTVALET

016/16 VEDTAK:

Saka blir utsett til nytt møte den 9. februar 2016.

Vedtaket var samrøystes.

09.02.2016 MULTEK-UTVALET

Framlegg frå **Mariel Eikeset Koren (MDG):**

Gloppen kommunestyre viser til rådmannen si tilråding om utbygging i verna vassdrag, og rår NVE til å ikkje gje konsesjon.

Framlegget fekk ei røyst og fall.

Framlegg frå **Arnar Kvernevik (Ap):**

Gloppen kommunestyret har ikkje innvendingar mot at det vert gjeve konsesjon for bygging av Langedalselva kraftverk.

Framlegget vart vedteke med seks røyster.

031/16 VEDTAK:

Framlegget frå Arnar Kvernevik vart innstilt mot ei røyst.



SAKSGANG		
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
MULTEK-utvalet	04.02.2016	017/16
MULTEK-utvalet	09.02.2016	032/16
Kommunestyret	22.02.2016	

Avgjerd av: Kommunestyret Saksbehandlar: Bjørn Aurlien	Objekt: Arkiv: S11	Arkivsaknr.: 16/63-2
---	-------------------------------------	--------------------------------

Uttale til konsesjonssøknad - Skorgeelva kraftverk

Vedlegg:

Dok.nr Tittel på vedlegg
264233 Kart Skorgeelva

Oppsummering:

Det er ei nasjonal målsetting å auke produksjonen av fornybar energi. Gloppen kommune har naturressursar som kan utnyttast med moderate naturinngrep, og har så langt sett positivt på dei fleste prosjekta som har vore sendt på høyring.

Rådmannen ser ei utbygging av Skorgeelva som lite konfliktfylt, men stiller spørsmål ved om prosjektet er økonomisk forsvarleg.

Bakgrunn for saka:

NVE har lagt konsesjonssøknad for bygging av Skorgeelva kraftverk ut til offentlig gjennomsyn med merknadsfrist 18.03.2016

Saksutgreiing:

7 grunneigar på Ravnestad og Sande er samde om å etablert Skorgeelva Kraft AS med tanke på å bygge ut Skorgeelva kraftverk.

Kraftverket er planlagt med inntak i Skorgeelva på kote 410 (litt nedom Sandstøylen) Her er tenkt ein knapt 2 meter høg betongdam med tilhøyrande inntakskonstruksjonar og eit lite, neddemt areal. På vedlagt kart er vist korleis røyrkata er tenkt plassert i terrenget. I nedre del av traseen er det fleire eldre skogsveggar som blir kryssa, inkludert vegen til nedlagte Ivahola avfallsdeponi. I øvre del går røyrkata gjennom meir urørt terreng. Det er lauvskog og dels gamal furuskog på heile strekninga, med unntak av eit yngre granfelt opp mot inntaket. Terrenget er til dels svært «uryddig» frå naturen si side, mellom anna med ganske mykje grov blokk. Delar av røyrkatetraseen er svært bratt. Det vil bli dels lausmasse- og dels fjellgrøft for røyrkata, som er planlagt med diameter 640 mm.

Eksisterande traktorveggar er tenkt nytta i så stor grad som råd som anleggsveggar. Det er planlagt permanent veg frå støylsvegen til inntaket og frå fylkesvegen til kraftstasjonen.

Kraftstasjonen blir plassert ved utløpet av elva ved fjorden nedanfor avkøyrsla til Ivahola. Her vil det bli eit enkelt bygg med ein turbin med installert effekt på 3,0MW. Forventa middel årsproduksjon er 2,69GWh vinterkraft og 4,36GWh sommarkraft, til saman 7,05GWh (tala for sommar og vinterproduksjon er truleg bytta om i søknaden). Slukeevna er på 872 l/s, eller om lag 2.75x middelvassføring. Det er planlagt minstevassføring på 16 l/s som er 1 l/s over alminneleg lågvassføring.

22kV kraftlinje med tilstrekkeleg kapasitet går rett over planlagt kraftstasjon, og tilknytning er planlagt med ein kort jordkabel..

Økonomiske konsekvensar for kommunen:

Utbyggingskostnadene er kalkulert til 28,8 mill. som gir ein utbyggingspris på 4,10 kr/kWh. Søkjar meiner tiltaket vil kunne ha positiv verknad for lokal busetnad og vidareutvikling av lokale næringar, og at tiltaket på sikt vil bidra med skatteinntekter til kommunen.

Det ligg ikkje ved ei økonomisk analyse av utbygginga, eller ei stipulering av skatteinntektene til kommunen. Så dyre utbyggingar har også i tider med betre straumpris vore rekna som svært krevjande økonomisk, og situasjonen ein har for tida med låge straumprisar er venta å vare.

Rådmannen si vurdering:

Kommunestyret har vedteke følgjande retningslinjer for kommunen si behandling av søknader om småkraftverk:

Gloppen kommunestyre er positive til at det kan byggast ut småkraftverk i kommunen. Før kommunestyret tek avgjer til den einskilde søknad skal kommunestyret vurdere:

- Visuelt inntrykk etter utbygging
- Innverknad på det tradisjonelle landbruket (resipient, flaum m m)
- Tilhøvet til anna næring (t. d turistnæring, utmarksnæring)
- Naturinngrep ved utbygging
- Den samla utbygging i området
- Kraftlineføring
- Kor stor del av vassdraget som er tenkt utnytta
- Økonomi
- Eigarskap

Det vil normalt ikkje bli tilrådd utbygging i område som det allereie er lagt vernerestriksjonar på.

1. Visuelt inntrykk etter utbygging

Dette vil dreie seg om lite synlege inntakskonstruksjonar i elva, ein kraftstasjonsbygning i tradisjonell byggestil ved sjøen, og terrenginngrep i rørtraseen som vil vere mest synlege i anleggsperioden og ein del år framover. Elva og utbyggingsområdet er lite synleg for andre enn dei som er særleg interesserte, og området langs elva er lite brukt til allment friluftsliv. I følgje søknaden skal det vere teke bilde av vassføring på ulike tidspunkt, men rådmannen kan ikkje sjå at dette vedlegget følgjer søknaden. Det er difor vanskeleg å ta stilling til visuell verknad av redusert vassføring. Terrenget i området er grovt og oppstykkka, og rådmannen har vanskar med å sjå at det visuelle vil bli avgjerande i denne saka.

2. Innverknad på det tradisjonelle landbruket (resipient, flaum m.m.)

Utbygginga vil i liten grad ha innverknad på landbruket, bortsett frå at ein må kunne håpe

på at utbygginga vil styrke næringsgrunnlaget og gjennom det gi større handlingsrom for dei grunneigarane som vel å halde fram med tradisjonelt landbruk.

3. Tilhøve til anna næring (t.d. turisme, utmarksnæring)
Neppe særleg relevant.
4. Naturinngrep
Lite naturinngrep utover det som er omtalt i punkt 1. Konklusjonen frå konsekvensvurderinga for biologisk mangfald er at tiltaket vil ha liten til middels negativ verknad på biologisk mangfold langs elva.
5. Samla utbygging i området
NVE har sendt på høyring 12 småkraftsaker i Gloppen samtidig og ber spesielt om at samla belastning av utbyggingane blir vurdert.

Frå før er berre Kvitefella I etablert i området, og det er gitt konsesjon til utbygging i Breidalselva. Av dei 12 sakene som nå er på høyring er det relevant å nemne planane for utbygging av Kvitefella II, Rauset, Langedalselva og Traudalselva. I utbyggingsområdet er det etablert veg til Ivahola og skogsveggar ut frå denne, og støylsveg til Sandsstøylen.

Kommunestyret har ikkje gitt nærare kriterier for kva som skal ligge i ei vurdering av samla belastning. Skorgeelva ligg i stor grad i eit eige landskapsrom, og ei utbygging her vil i liten grad ha noko å seie for samla belastning.

6. Kraftlinjeføring
Kort jordkabel til eksisterande 22kV-linje, som har kapasitet til å ta i mot levering frå det nye kraftverket. Det er ein føresetnad at kapasiteten frå Sandane til Reed blir auka ved bygging av ny 132kV-linje. Oppdatert anleggskonsesjon for denne linja vart gitt av NVE i august 2015 etter at olje- og energidepartementet i juni avgjorde klage på NVE sitt opphavlege konsesjonsvedtak.
7. Kor stor del av vassdraget som er tenkt utnytta
Det er planlagt minstevassføring på 1 6 liter/s heile året, som i følge kartlegginga av biologisk mangfald til ein viss grad vil kunne redusere negative verknader. Elles er dette ei elv med mykje grov blokk i grunnen der ein del av naturleg vassføring forsvinn i grunnen i nedre delen av elva. Slukeevne på 2,75x middelvassføring er høg utnytting. Brukstil på Skorgeelva kraftverk er i gjennomsnitt rekna til 2230 timar, eller om lag tre månader drift med full yting pr. år.
8. Økonomi
Utbyggingspris på 4,10 kr/kWh er svært høgt, og rådmannen stiller spørsmål ved økonomien i prosjektet, sjølv med elsertifikat. Det ligg ingen økonomisk analyse i søknaden, men rådmannen reknar med at elsertifikatordninga er ein sterkt medverkande årsak til at søknaden kjem nå.
9. Eigarskap
Skorgeelva Kraft AS er eit aksjeselskap eigd av 7 grunneigarar på Sande og Rauset. Rådmannen oppfattar søknaden slik at dette er dei grunneigarane som har fallrett i elva. Fallrettsleiga vil vere knytt til den enkelte grunneigedomen, men aksjane i kraftselskapet vil i praksis vere fritt omsettelege.

Det er ingen vernerestriksjonar på det aktuelle vassdraget.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Gloppen kommunestyre har ingen merknader til at kraftpotensialet i Skorgeelva blir utnytta slik det er søkt om, under føresetnad av at det er sunne økonomiske vurderingar som blir lagt til grunn før utbygginga eventuelt blir realisert.

04.02.2016 MULTEK-UTVALET

017/16 VEDTAK:

Saka blir utsett til nytt møte den 9. februar 2016.

Vedtaket var samrøystes.

09.02.2016 MULTEK-UTVALET

032/16 VEDTAK:

MULTEK-utvalet si innstilling:

Gloppen kommunestyre har ikkje innvendingar mot at det vert gjeve konsesjon for bygging av Skorgeelva kraftverk, men vil peike på dei utfordringane som lokalisering av kraftstasjon med nærleik og kryssing av fylkesvegen og kraftlina som går like over området. Sjølv om elva i nedre deler er påstått forureina, vil ikkje forureininga vare evig og flytting av kraftstasjonen oppstrøms vil føre avløpsvatnet tilbake til utløpsosen.

Vedtaket var samrøystes.



SAKSGANG		
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
MULTEK-utvalet	04.02.2016	018/16
MULTEK-utvalet	09.02.2016	033/16
Kommunestyret	22.02.2016	

Avgjerd av: Kommunestyret Saksbehandlar: Bjørn Aurlien	Objekt: Arkiv: S11	Arkivsaknr.: 16/56-2
---	-------------------------------------	--------------------------------

Uttale til konsesjonssøknad - Haugaelva kraftverk

Vedlegg:

Dok.nr Tittel på vedlegg
264226 Kart Haugaelva

Oppsummering:

Det er ei nasjonal målsetting å auke produksjonen av fornybar energi. Gloppen kommune har naturressursar som kan utnyttast med moderate naturinngrep, og har så langt sett positivt på dei fleste prosjekta som har vore sendt på høyring.

Rådmannen registrerer at Haugaelva har gode kvalitetar som ei utbygging vil gå ut over, men meiner på grunn av elva si plassering at dette likevel kan akseptierast. Rådmannen registrerer også at i den grad utbygginga er ei god og fornuftig investering, vil ein del av innteninga gå til aktørar utanfor kommunen.

Bakgrunn for saka:

NVE har lagt konsesjonssøknad for bygging av Haugaelva kraftverk ut til offentleg gjennomsyn med merknadsfrist 18.03.2016

Saksutgreiing:

13 grunneigar i Eimhjellen har inngått avtale med Norsk Grønnkraft om utbygging og drift av eit kraftverk for utnytting av fall i Haugaelva.

Kraftverket er planlagt med inntak i Haugaelva på kote 480 (på høgde med Utigardstøylen) Her er tenkt ein om lag 2 meter høg betongdam med tilhøyrande inntakskonstruksjonar og eit lite, neddemt areal som vil ligge innafor eksisterande flaumvasstand. På vedlagt kart er vist korleis røyrkata er tenkt plassert i terrenget. Den følgjer på sida av elva dei første drøye 200 metrane, vidare rett fram litt vekk frå elva, svingar så meir vekk frå elva nedunder Utigardsstøylen og går ned den bratte lia mot kraftstasjonen ved Storfjorden. Det er lauvskog og furuskog på heile strekkinga. Eit parti med gamal furuskog er i kartlegginga av biologisk mangfald vurdert som lokalt viktig. Her er parti med grunt vegetasjonsdekke, så røyrkata med diameter 60cm vil ligge dels i fjellgrøft og dels i lausmassegrøft.

Det går ein traktorveg til oppunder Utigardsstøylen, og det er ønskje om at anleggsveg i røyrkatetraseen fram til inntaket skal få ligge permanent (om lag 370 m). Det er elles skissert

anleggsveg langs grøfta i heile røyrtraseen, slik at traseen vil få ei samla breidde på 15-25 meter. Bortsett frå det som er nemnt om anleggsveg i øvste delen, skal grøftetraseen inkludert anleggsveg skal jamnast til og revegeterast etter utbygging. Det går veg fram til kraftstasjonen , men det vil vere behov for noko oppgradering av denne.

Kraftstasjonen blir plassert om lag 900 meter vest for utløpet av elva ved Storfjorden på kote 125. Her vil det bli ein kraftstasjonsbygning på om lag 70 m² tilpassa lokal byggeskikk, med ein turbin med installert effekt på 2,17 MW. Forventa middel årsproduksjon er 3,33GWh vinterkraft og 4,27 GWh sommarkraft, til saman 7,60 GWh. Slukeevna er på 750 l/s, eller om lag 2.0x middelvassføring. Det er planlagt minstevassføring på 46 l/s 1/5 – 30/9 og 11 l/s 1/10 -30/4 som samsvarer med 5-persentil vassføring.

Tilknytning til eksisterande 22kV-kraftlinje er planlagt via 1,5 km nedgravd jordkabel som går dels i eksisterande vegtrase og dels over dyrka mark. 22kV-linja har tilstrekkeleg kapasitet til å ta i mot produksjonen, men overordna nett har ikkje kapasitet i dag. Ein er difor avhengig av at det blir gitt konsesjon til ny 132kV-linje frå Gjengedal til Storebru, og denne vil ikkje bli bygd utan at det blir gitt konsesjon til Gjengedal kraftverk.

Økonomiske konsekvensar for kommunen:

Utbyggingskostnadene er kalkulert til 24,75mill. som gir ein utbyggingspris på 3,26 kr/kWh. Dette er av dei gunstigaste utbyggingskostnaden av søknadene som er sendt til uttale nå. Søkjar meiner tiltaket vil gi samfunnsmessige fordelar gjennom verdiskaping og inntekter til utbygger, grunneigar, lokalsamfunn og kommune, utan at dette er nærare spesifisert.

Det ligg ikkje ved ei økonomisk analyse av utbygginga, eller ei stipulering av skatteinntektene til kommunen.

Rådmannen si vurdering:

Kommunestyret har vedteke følgjande retningslinjer for kommunen si behandling av søknader om småkraftverk:

Gloppen kommunestyre er positive til at det kan byggast ut småkraftverk i kommunen. Før kommunestyret tek avgjer til den einskilde søknad skal kommunestyret vurdere:

- Visuelt inntrykk etter utbygging
- Innverknad på det tradisjonelle landbruket (resipient, flaum m m)
- Tilhøvet til anna næring (t. d turistnæring, utmarksnæring)
- Naturinngrep ved utbygging
- Den samla utbygging i området
- Kraftlineføring
- Kor stor del av vassdraget som er tenkt utnytta
- Økonomi
- Eigarskap

Det vil normalt ikkje bli tilrådd utbygging i område som det allereie er lagt vernerestriksjonar på.

1. Visuelt inntrykk etter utbygging

Dette vil dreie seg om lite synlege inntakskonstruksjonar i elva, ein kraftstasjonsbygning i tradisjonell byggestil ved Storfjorden, og terrenginngrep i røyrtraseen som vil vere mest synlege i anleggsperioden og ein del år framover. Ein del av traseen har naturverdiar som konsulenten som har kartlagt biologisk mangfald meiner ein må ta særleg omsyn til i ein byggeplan dersom det blir gitt konsesjon. Elva har fleire interessante fossar og stryk som

store delar av året får redusert opplevingsverdi, men desse er lite synlege for folk flest. I den mest profilerte delen renn elva relativt roleg gjennom bygda, og søknaden viser at reduksjonen i vassføring vil vere ganske merkbar. Den naturlege variasjonen i vassføring vil vere borte, og ein vil stå att med ei relativt tørr elv med nokre flaumtoppar. Men det tel sjølvsagt med i vurderinga her at Eimhjellen ligg noko avsides til, og at det er grunneigarane som står bak søknaden som vil merke mest til endringane.

2. Innverknad på det tradisjonelle landbruket (resipient, flaum m.m.)

Elva renn gjennom landbruksareal, og ein må gjerne rekne med at det kan vere ei viss jordbruksavrenning til elva. Vesentleg redusert vassføring vil då sjølvsagt kunne auke konsentrasjonen av eventuell ureining i elva. Utbygginga vil dempe flaumar, men vil nok ha ein marginal effekt i forhold til eventuell skadeflaum på grunn av ekstremnedbør. Elles vil utleige av fallrettar gi inntekter til grunneigarane som vil kunne styrke livsgrunnlaget på gardsbruka.

3. Tilhøve til anna næring (t.d. turisme, utmarksnæring)

Her er lite anna næring enn landbruk heilt lokalt i Eimhjellen. Det er nemnt i søknaden at utbyggjar har god erfaring med bruk av lokale leverandørar og tenesteytarar i samband med realisering av kraftverk. Effekten vil vere avhengig av kor mange kraftverk som får konsesjon og kor mykje som skal realiserast på same tid.

4. Naturinngrep

Det meste av dette er omtalt under pkt. 1. Konklusjonen frå konsekvensvurderinga for biologisk mangfald er at tiltaket vil ha middels negativ verknad på biologisk mangfald. Det er særleg fråføring av vatn frå elva som er vurdert som negativt. Konsulenten ønskjer noko meir minstevassføring, særleg om vinteren, og helst kraftstasjonsplassering med tilbakeføring av vatn til nedste delen av elva. Det er usikkert om elva blir brukt som gyteområde for storaurestammen i Storfjorden, men inngrepet vil likevel ha noko negativ effekt på fiske. Han meiner også det bør byggast tersklar i nedre del av elva, som avbøtande tiltak. Han legg elles vekt på at inngrepa i røyrkata vil vere størst i anleggsfasen og dei første åra etterpå, men så gradvis vil avta.

5. Samla utbygging i området

NVE har sendt på høyring 12 småkraftsaker i Gloppen samtidig og ber spesielt om at samla belastning av utbyggingane blir vurdert.

Storfjorden er regulert (Sagefossen kraftverk), men rådmannen har vanskar med å sjå at det har særleg mykje å seie for denne utbygginga. Ned mot Storfjorden er det frå før bygd to kraftverk, Skogheim kraftverk og Heimseta kraftverk. Desse ligg tre-fire kilometer nord for Haugaelva. I om lag same avstand mot vest ligg Solheim kraftverk som det også blir søkt om å etablere nå.

Kommunestyret har ikkje gitt nærare kriterier for kva som skal ligge i ei vurdering av samla belastning. Rådmannen meiner at dei nemnte tiltaka i liten grad verkar inn på kvarandre, og kan ikkje sjå at samla utbygging skal vere avgjerande.

6. Kraftlinjeføring

Som nemnt tidlegare er det mange element som skal på plass for at dette prosjektet skal kunne realiserast, men isolert sett er vel linjeføringa i dette prosjektet lite kontroversiell.

7. Kor stor del av vassdraget som er tenkt utnytta

Slukeevne på 2,0x middelvassføring er ei ganske normal utnytting, men vassføringskurver

vedlagt søknaden viser at det i store delar av året vil gå berre minstevassføring i elva. Det må nemnast at dei nedste om lag 700 metrane av elva får tilført ein del vatn frå ei sideelv. Brukstil på kraftverket er i gjennomsnitt rekna til 3500 timar, eller knapt 5 månader drift med full yting pr. år.

8. Økonomi

Utbyggingspris på 3,26 kr/kWh er av det lågaste av søknadene som er til vurdering nå, men er likevel i høgaste sjiktet samanlikna med tidlegare prosjekt i kommunen.

Rådmannen reknar med at dette er ein av årsakene til at grunneigarane har gått til eksterne aktørar for å finansiere prosjektet.

9. Eigarskap

Norsk Grønnkraft består av eit utbyggingselskap eigd av fire energiselskap på austlandet, og eit driftsselskap eigd av det tyske investeringsfondet Aquila Capital. Grunneigarane skal leige ut fallretten i elva.

Det er ingen vernerestriksjonar på det aktuelle vassdraget.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Gloppen kommunestyre meiner omsøkt utbygging av Haugaelva i Eimhjellen har negative konsekvensar på opplevingsverdien av vassdraget, men at plasseringa er slik at dette likevel kan akseptast. Kommunestyret har difor ikkje avgjerande merknader til søknaden.

04.02.2016 MULTEK-UTVALET

018/16 VEDTAK:

Saka blir utsett til nytt møte den 9. februar 2016.

Vedtaket var samrøystes.

09.02.2016 MULTEK-UTVALET

Framlegg frå Mariel Eikeset Koren (MDG):

Gloppen kommunestyre viser til rådmannen si saksutgreiing og til dei naturverdiane som eit slikt inngrep går utover og rår NVE til å ikkje gje konsesjon.

Framlegget fekk ei røyst og fall.

033/16 VEDTAK:

Rådmannen si tilråding vart innstilt mot ei røyst.



SAKSGANG		
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
MULTEK-utvalet	04.02.2016	019/16
MULTEK-utvalet	09.02.2016	034/16
Kommunestyret	22.02.2016	

Avgjerd av: Kommunestyret Saksbehandlar: Bjørn Aurlien	Objekt: Arkiv: S11	Arkivsaknr.: 16/55-2
---	-------------------------------------	--------------------------------

Uttale til konsesjonssøknad - Solheim kraftverk

Vedlegg:

Dok.nr Tittel på vedlegg
264237 Kart Solheim

Oppsummering:

Det er ei nasjonal målsetting å auke produksjonen av fornybar energi. Gloppen kommune har naturressursar som kan utnyttast med moderate naturinngrep, og har så langt sett positivt på dei fleste prosjekta som har vore sendt på høyring.

Rådmannen ser ei utbygging av Solheim kraftverk som relativt lite konfliktyft, men stiller spørsmål ved om prosjektet er økonomisk forsvarleg.

Bakgrunn for saka:

NVE har lagt konsesjonssøknad for bygging av Solheim kraftverk ut til offentlig gjennomsyn med merknadsfrist 18.03.2016

Saksutgreiing:

Solheim kraftverk AS er eit privateigd aksjeselskap under stifting, eigd av dei 14 grunneigarane på Solheim som har fallrett i Storelva. Selskapet står som søkjar og vil stå for utbygging og drift av Solheim kraftverk.

Kraftverket er planlagt med inntak i Solheimsvatnet på kote 318. Her er tenkt ein om lag 3 meter høg betongdam som blir plastra med naturstein. Her har vore damanlegg frå før 1900 som det er restar etter, og Solheimsvatnet har vore brukt som reguleringsmagasin for drift av sagbruk, kvernhus og liknande. Dammen vart forsterka tidleg på 1950-talet, og det vart bygd kraftstasjon ved Storfjorden. Denne vart nedlagt då GEV bygde kraftlinje gjennom området, og dammen vart øydelagt på 1960-talet. Dette førte til lågare vasstand i vatnet, som søkjar meiner har vore negativt mellom anna for fiskebestanden i vatnet. Dei søker nå om å på nytt få bruke vatnet som reguleringsmagasin mellom kt. 318 og 319,5. Dette er sjølv sagt gunstig for å dempe dei store svingingane i vassføringa, men dei meiner også det vil vere gunstig for fiskebestanden i vatnet.

Frå dammen går vatnet i ein kort open kanal til inntaket. På vedlagt kart er vist korleis røyr gata er tenkt plassert i terrenget. Den ligg rimeleg flatt dei første 400 metrane og svingar

her etter kvart vekk frå elva før den går ned lia mot kraftstasjonen ved Storfjorden. Bortsett frå det siste partiet på begge sider av fv. 615 ligg kraftgata i terreng med moderat helling. Det er lauvskog og furuskog på heile strekninga, med nokre opne myrparti innimellom. Her er parti med grunt vegetasjonsdekke, så røyrkata med diameter 60cm vil ligge dels i fjellgrøft og dels i lausmassegrøft.

Det går veg til Solheimsstøylen som krysser elva på to plassar. Frå denne må ein ruste opp om lag 200 meter av ein eksisterande vegarm og bygge om lag 300 meter ny veg fram til inntaket. Det er også ønskje om å behalde øvre delar av anleggsvegen langs røyrkata som permanent skogsveg etter utbygginga. Vidare vil det vere behov for å bygge om lag 300 meter veg fram til kraftstasjonen.

Kraftstasjonen blir plassert om lag 200 meter sørvest for utløpet av elva ved Storfjorden på kote 127, nær den gamle kraftstasjonsbygningen. Her vil det bli ein enkel kraftstasjonsbygning på om lag 50 m², med ein turbin med installert effekt på 1,2 MW. Forventa middel årsproduksjon er 1,40 GWh vinterkraft og 2,34 GWh sommarkraft, til saman 3,74 GWh. Slukeevna er på 820 l/s, eller om lag 2.0x middelvassføring. Det er planlagt minstevassføring på 15 l/s 1/5 – 30/9 og 10 l/s 1/10 -30/4 som samsvarer med 5-persentil vassføring.

Tilknytning til eksisterande 22 kV-kraftlinje er planlagt via 400 m nedgravd jordkabel opp til eksisterande trafo om lag der fylkesvegen kryssar elva. 22kV-linja har tilstrekkeleg kapasitet til å ta i mot produksjonen, og det kan av orienteringa frå SFE Nett som er vedlagt søknaden sjå ut som om dette prosjektet ikkje vil vere avhengig av at Gjengedal kraftverk og ny 132kV-linje blir etablert.

Økonomiske konsekvensar for kommunen:

Utbyggingskostnadene er kalkulert til om lag 16 mill. som gir ein utbyggingspris på 4,26 kr/kWh. Dette er ein svært høg utbyggingspris samanlikna med småkraftverk som så langt er etablert i kommunen. Søkjar meiner tiltaket vil gi samfunnsmessige fordelar gjennom miljøvenleg kraftproduksjon og tilleggsinntekter til grunneigarane, og gjennom det trygge framtidig busetnad i bygda.

Det ligg ikkje ved ei økonomisk analyse av utbygginga, eller ei stipulering av skatteinntektene til kommunen.

Rådmannen si vurdering:

Kommunestyret har vedteke følgjande retningslinjer for kommunen si behandling av søknader om småkraftverk:

Gloppen kommunestyre er positive til at det kan byggast ut småkraftverk i kommunen. Før kommunestyret tek avgjer til den einskilde søknad skal kommunestyret vurdere:

- *Visuelt inntrykk etter utbygging*
- *Innverknad på det tradisjonelle landbruket (resipient, flaum m m)*
- *Tilhøvet til anna næring (t. d turistnæring, utmarksnæring)*
- *Naturinngrep ved utbygging*
- *Den samla utbygging i området*
- *Kraftlineføring*
- *Kor stor del av vassdraget som er tenkt utnytta*
- *Økonomi*
- *Eigarskap*

Det vil normalt ikkje bli tilrådd utbygging i område som det allereie er lagt vernerestriksjonar på.

1. Visuelt inntrykk etter utbygging

Her er frå før restar etter eit gammalt damanlegg, og ei nybygging vil neppe vere dårlegare estetisk. Reguleringsmagasin kan vere negative visuelt, men ei reguleringshøgde på 1,5 meter er ikkje meir enn ein del vatn har som naturleg variasjon. Ny kraftstasjonsbygning i tradisjonell byggestil ved Storfjorden vil estetisk vere finare enn betongklossen som utgjør kraftstasjonen frå -50-talet, og terrenginngrep i rørtraseen vil vere mest synlege i anleggsperioden og ein del år framover. Skogsveggar ville det kunne vorte gitt løyve til etter landbruksvegforskrifta uansett. Elva renn i stor grad gjennom skogsområde og er lite synleg for folk flest. Det er ein foss, eller eit svært bratt stryk, rett opp forbi øvste bustadhuset. Denne vil store delar av året får redusert opplevingsverdi, men dette er ikkje eit profilert fossefall som særleg mange andre enn grunneigarane har eit forhold til. Ulike vassføringar er dårleg illustrert i søknaden, og det er difor ikkje heilt enkelt å ta stilling til korleis minstevassføringa på sommaren vil sjå ut.

2. Innverknad på det tradisjonelle landbruket (resipient, flaum m.m.)

Dette er truleg eit lite relevant punkt, bortsett frå at inntekter frå kraftproduksjon kan styrke næringsgrunnlaget på bruka og dermed vere positivt for landbruket.

3. Tilhøve til anna næring (t.d. turisme, utmarksnæring)

Her er lite anna næring enn landbruk på Solheim. Rådmannen kjenner ikkje til turistsatsing eller anna utmarksnæring knytt til utbyggingsområdet, og området er truleg lite brukt til allment friluftsliv. Sysselsettingseffekt i anleggsperioden er nemnt som ei positiv effekt av utbygginga. Effekten lokalt vil vere avhengig av kor mange kraftverk som får konsesjon og kor mykje som skal realiserast på same tid.

4. Naturinngrep

Det meste av dette er omtalt under pkt. 1. Konklusjonen frå konsekvensvurderinga for biologisk mangfald er at tiltaket vil ha middels negativ verknad på biologisk mangfald. Det er særleg fråføring av vatn frå elva som er vurdert som negativt, både for sårbare naturtyper langs elva, for arter som fossefall, og for fisk i nedste delen av elva. Det ligg ikkje føre ein eintydig konklusjon på verknaden av regulering av vatnet, auka tilgang på beiteområde vil vere positivt, medan hyppig vassstandsregulering vil vere negativt. Inngrepet i røytraseen vil vere negativt i anleggsfasen men i liten grad ha varig verknad.

5. Samla utbygging i området

NVE har sendt på høyring 12 småkraftsaker i Gloppen samtidig og ber spesielt om at samla belastning av utbyggingane blir vurdert.

Storfjorden er regulert (Sagefossen kraftverk), men rådmannen har vanskar med å sjå at det har særleg mykje å seie for denne utbygginga. Ned mot Storfjorden er det frå før bygd to kraftverk, Skogheim kraftverk og Heimseta kraftverk. Desse ligg 6-7 kilometer nordaust for Solheim. Haugaelva kraftverk som er søkt om å bygge nå ligg 4-5 kilometer austover på andre sida av Storfjorden.

Kommunestyret har ikkje gitt nærare kriterier for kva som skal ligge i ei vurdering av samla belastning. Rådmannen meiner at dei nemnte tiltaka i liten grad verkar inn på kvarandre, og kan ikkje sjå at samla utbygging skal vere avgjerande.

6. Kraftlinjeføring
Nedgraving av 400 m kabel fram til eksisterande trafo er neppe avgjerande i denne saka
7. Kor stor del av vassdraget som er tenkt utnytta
Slukeevne på 2,0x middelvassføring er ei ganske normal utnytting. Brukstil på kraftverket er i gjennomsnitt rekna til 3318 timar, eller drøyt 4,5 månader drift med full yting pr. år. Vassføringskurver vedlagt søknaden viser at det i store delar av året vil gå berre minstevassføring i elva. Det blir langt mindre variasjon, færre vassføringstoppar og mindre toppar. Det er likevel som nemnt tidlegare vanskeleg å få eit klart bilete av konsekvensane av redusert vassføring eller om minstevassføringa er stor nok.
8. Økonomi
Utbyggingspris på 4,26 kr/kWh er svært høgt, og rådmannen stiller spørsmål ved om dette er ei fornuftig og forsvarleg investering med dagens kraftprisar.
9. Eigarskap
Utbyggar er eit heileigd grunneigarstyrt aksjeselskap, men selskapet vil vere fritt omsetteleg. Det er difor vanskeleg å legge avgjerande vekt på eigarskapen.

Det er ingen vernerestriksjonar på det aktuelle vassdraget.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Gloppen kommunestyre er usikker på økonomien i utbygginga av Solheim kraftverk. Søknaden gir ikkje eit fullgodt bilete av konsekvensane av redusert vassføring i elva, men kommunestyret har elles ikkje vesentlege innvendingar mot at det blir gitt konsesjon.

04.02.2016 MULTEK-UTVALET

019/16 VEDTAK:

Saka blir utsett til nytt møte den 9. februar 2016.

Vedtaket var samrøystes.

09.02.2016 MULTEK-UTVALET

Framlegg frå **Mariel Eikeset Koren (MDG):**

Gloppen kommunestyre viser til rådmannen si saksutgreiing og til dei naturverdiane som eit slikt inngrep går utover og rår NVE til å ikkje gje konsesjon.

Framlegget fekk ei røyst og fall.

Framlegg frå **Arnar Kvernevik (Ap):**

Gloppen kommunestyre kan ikkje sjå at tiltaket truar viktige naturverdiar eller er i strid med andre interesser og har ikkje innvendingar mot at det vert gjeve konsesjon for bygging av Solheim kraftverk. Solheim kraftverk er det einaste nye kraftverket i Hyen som ikkje er avhengig av ny kraftline frå Gjengedal.

034/16 VEDTAK:

Framlegget frå Arnar Kvernevik vart innstilt mot ei røyst.



SAKSGANG		
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
MULTEK-utvalet	04.02.2016	020/16
MULTEK-utvalet	09.02.2016	035/16
Kommunestyret	22.02.2016	

Avgjerd av: Kommunestyret Saksbehandlar: Bjørn Aurlien	Objekt: Arkiv: S11	Arkivsaknr.: 16/58-2
---	-------------------------------------	--------------------------------

Uttale til konsesjonssøknad - Kaldeelva kraftverk

Vedlegg:

Dok.nr Tittel på vedlegg
264244 Kart Kaldeelva

Oppsummering:

Det er ei nasjonal målsetting å auke produksjonen av fornybar energi. Gloppen kommune har naturressursar som kan utnyttast med moderate naturinngrep, og har så langt sett positivt på dei fleste prosjekta som har vore sendt på høyring.

Rådmannen meiner opplevingsverdien av Kaldeelva vil bli redusert ved ei utbygging, og at den store reduksjonen av inngrepsfrie naturområde er uheldig. Alternativ løysing med retningsstyrt boring vil gi langt mindre naturinngrep, og burde vore betre utgreia.

Bakgrunn for saka:

NVE har lagt konsesjonssøknad for bygging av Kaldeelva kraftverk ut til offentleg gjennomsyn med merknadsfrist 18.03.2016.

Saksutgreiing:

Småkraft AS, eigd av det tyske investeringsfondet Aquila Capital, har inngått avtale med grunneigarane om utbygging av Kaldeelva. Elva renn frå Kaldevatnet ned i Skilbreivatnet. Utløpet av elva ligg om lag 2 kilometer inn frå fv. 615 langs sørvestsida av vatnet.

Inntaket er planlagt på kt. 650. Her blir bygd ein 10 m lang og 2 m høg betongplatedam/terskel med tilhøyrande inntakskonstruksjonar. Det er ikkje planlagt veg til inntaket, så frakt av materialar og utstyr må skje med helikopter.

Frå inntaket blir det bora ei 600 m lang sjakt med diameter 700 mm ned til ein 600 m lang tunnel som kjem ut i dagen på kote 195. Dei siste 50 metrane fram til kraftstasjonen på kt. 174 blir det nedgravne røyr med diameter 600 mm. Desse går også inn i tunnelen til betongpropp og overgang til den bora sjakta.

Kraftstasjon er plassert ved vatnet om lag 150meter innom naturleg utløp av elva. Bygningen blir på om lag 90m², og her blir installert ein turbin med effekt på 4,95MW. Utløp blir direkte

i Skilbreivatnet. Kraftproduksjonen er stipulert til 4,8GWh vinterkraft og 10,4GWh sommarkraft, totalt 15,3GWh.

Det er planlagt permanent veg frå fv. 615 og 2,4 km inn langs vatnet til kraftstasjonen. Jordkabel for nettilknytning vil ligge i denne vegen, krysse fv. 615 og gå vidare 350 m til påkoplingspunkt på eksisterande 22kV-linje. Det er ikkje kapasitet i overordna nett til utbygginga.

Tunnel vil føre til eit masseoverskot på 20.000 m³ masse. Søkjar meiner mykje vil bli nytta til vegbygging, men det er også lagt inn areal for massedeponi ved kraftstasjonen.

I konsesjonssøknaden er så vidt nemnt ein alternativ utbyggingsløyising med retningsstyrt boring til om lag same utbyggingskostnad. Det vil då ikkje vere behov for veg til kraftstasjonen, og masseoverskot blir vesentleg mindre (omkring 1500 m³). Nettilkopling vil bli sjøkabel dersom alternativ løyising blir vald, men må sjølvsagt gå over til jordkabel fram til kraftlinja.

Store delar av utbyggingsområdet ligg innafor område som er definert som inngrepsfritt naturområde 1-3 km frå tyngre tekniske inngrep, og ei eventuell utbygging vil redusere slik område, og område 3-5 km frå tyngre tekniske inngrep vesentleg. Utbyggingsplanane er grovskissert på vedlagt kart med oversikt over inngrepsfrie naturområde.

Økonomiske konsekvensar for kommunen:

Utbyggingskostnadene er kalkulert til 50 mill. som gir ein utbyggingspris på 3,29 kr/kWh. Søkjar meiner utbygginga vil gi inntekter til lokale aktørar og dermed kommunen gjennom skatteinntekter, men det ligg ikkje ved ei økonomisk analyse av utbygginga.

Rådmannen si vurdering:

Kommunestyret har vedteke følgjande retningslinjer for kommunen si behandling av søknader om småkraftverk:

Gloppen kommunestyre er positive til at det kan byggast ut småkraftverk i kommunen. Før kommunestyret tek avgjer til den einkilde søknad skal kommunestyret vurdere:

- Visuelt inntrykk etter utbygging
- Innverknad på det tradisjonelle landbruket (resipient, flaum m m)
- Tilhøvet til anna næring (t. d turistnæring, utmarksnæring)
- Naturinngrep ved utbygging
- Den samla utbygging i området
- Kraftlineføring
- Kor stor del av vassdraget som er tenkt utnytta
- Økonomi
- Eigarskap

Det vil normalt ikkje bli tilrådd utbygging i område som det allereie er lagt vernerestriksjonar på.

1. Visuelt inntrykk etter utbygging

Hovudinngrepet visuelt vil vere vegen og kraftstasjonsbygningen i det rimeleg urørte området langs Skilbreivatnet. Vegtraseen går til dels i ganske vanskeleg terreng, og vil på utsette plassar innebere store skjeringar og/eller fyllingar. Desse vil gjerne gro til etter ein del år, og dempe det visuelle inntrykket. Det er dels lite vegetasjonsdekke i vegtraseen som kan nyttast til tildekking og revegetering etter anleggsarbeidet er avslutta.. Vegen vil

lette tilgangen til Straumsbotnen for dei som ikkje har tilgang til båt, og folk vil difor gjerne vere delt i synet på om veg her er positivt eller negativt for allment friluftsliv. Råsa er dårleg og tiltak kunne vore interessant, men som tilretteleggingstiltak for friluftsliv ville ein greidd seg med langt smalare veg/enklare standard. Rådmannen registrerer at vegtraseen slik den er innteikna er delvis i konflikt med skiløypa på Høgdene, men reknar med at dette vil vere råd å justere. Elva ser ein best frå vatnet eller frå eit relativt avgrensa fjellområde på andre sida av vatnet. Området opp langs elva er ikkje akkurat turterreng for folk flest, og rådmannen vurderer difor at redusert vassføring har avgrensa betydning for det visuelle inntrykket etter utbygging.

2. Innverknad på det tradisjonelle landbruket (resipient, flaum m.m.)
Utbygginga har neppe særleg mykje å seie for det tradisjonelle landbruket i området. Veg kan sjølvstøtt lette tilgang til område både for uttak av skog/ved og tilsyn med beitedyr, men rådmannen tviler på at det har særleg mykje å seie i denne saka.
3. Tilhøve til anna næring (t.d. turisme, utmarksnæring)
Her er småskala satsing på turisme i Hyen, mellom anna med ei utleigehytte ved Skilbreivatnet. Det er vanskeleg å vite om kraftutbygging i området kan ha noko å seie for dette. Det er nemnt sysselsettingsgevinst i utbyggingsperioden. Kor mykje som kan gjerast av lokale firma vil vere avhengig av kor mange utbyggingar som får konsesjon og som skal realiserast samtidig.
4. Naturinngrep
Ein del av dette er omtalt under pkt. 1. Det ligg føre ein rapport om verknad på biologisk mangfald i influensområdet, som konkluderer med liten til middels negativ konsekvens. Som nemnt i saksutgreiinga vil tiltaket pr. definisjon innebere ein vesentleg reduksjon av inngrepsfrie naturområde sone 1 og 2. Alternativ utbygging med retningsstyrt boring vil i teorien ha same verknad, men i praksis vere ei langt meir skånsam utbygging. Slik utbygging vil gjerne gi nokre praktiske utfordringar når det gjeld tilgang til og tilsyn med kraftverket i driftssituasjonen.
5. Samla utbygging i området
NVE har sendt på høyring 12 småkraftsaker i Gloppen samtidig og ber spesielt om at samla belastning av utbyggingane blir vurdert.

Dei næraste eksisterande kraftverka er Heimseta kraftverk, Skogheim kraftverk og Brekkefossen kraftverk, alle utbygde. Det er ein føresetnad for utbygginga at Gjengedal kraftverk og ny 132kV-kraftlinje til Storebru blir bygd.

Kommunestyret har ikkje gitt nærare kriterier for kva som skal ligge i ei vurdering av samla utbygging. Sjølv om det ikkje er lang avstand til dei nemnte kraftverka, kan ikkje rådmannen sjå at samla utbygging skal ha noko avgjerande å seie for denne saka.

6. Kraftlinjeføring
Kraftlinjeføringa går for ein stor del i planlagt vegtrase, og vil for den delen ikkje ha særleg mykje å seie frå eller til. Det meste av traseen på oppsida av fv. 615 går gjennom myr, og ei kabelgrøft kan verke negativt inn på myra ved å verke drenerande. Eventuelle behov for oppgradering av eksisterande 22kV-linje er ikkje omtalt, og kan difor ikkje vurderast. SFE har søkt konsesjon for 132kV-linje frå Gjengedal til Storebru, men denne linja vil ikkje gå gjennom området.

7. Kor stor del av vassdraget som er tenkt utnytta
Slukeevne på 2,25x middelvassføring er ei relativt høg utnytting, og ein må rekne med at vassføringa i elva i stor grad blir endra til nokre større og mindre flaumtoppar og elles på det jamne minstevassføring. Særleg i sommarperioden reknar rådmannen med at dette vil vere ei vesentleg og merkbar endring frå naturleg situasjon. Minstevassføringa er foreslått til 85 l/s sommar og 20 l/s vinter. Det er oppgitt ulike verdiar på 5-persentilar av naturleg vassføring, men dersom tabellen med hovuddata er rett tilsvarar dette 5-persentil sommarvassføring og under halvparten av 5-persentil vintervassføring. Brukstida av kraftverket er stipulert til 3090timar, som tilsvarar litt over 4 månader drift med full last.
8. Økonomi
Utbyggingspris på 3,29 kr/kWh er av dei gunstigaste i pakka som nå er sendt på høyring, og ligg i øvste sjiktet i forhold til tidlegare godkjente småkraftprosjekt i Gloppen kommune.
9. Eigarskap
Småkraft AS står som søkjar og utbygger. I følgje søknaden er Småkraft AS eigd av Skagerak Kraft, Agder Energi, BKK og Statkraft, men i november 2015 selde dei Småkraft AS til det tyske investeringsfondet Aquila Capital.

Det er ingen vernerestriksjonar på det aktuelle vassdraget, men grensa for Ålfotbreen landskapsvernområde går om lag 300 m oppstrøms inntaket.

Veg og kraftanlegg ligg i aktsemdsområde for jord- stein- og snøras, og det ser ut til å vere gjort svært enkle vurderingar av naturfare. Rådmannen reknar med at NVE ved ein eventuell konsesjon set krav som gjer at dei store investeringane blir forsvarleg sikra mot naturfare.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Gloppen kommunestyre vurderer søknaden om utbygging av Kaldeelva kraftverk som uheldig på grunn av naturinngrep og reduksjon av inngrepsfrie naturområde, og går mot søknaden slik den ligg føre.

Den alternative utbyggingsløyising som er skissert i søknaden med retningsstyrt boring vil vere langt gunstigare, men er for dårleg utgreia til at kommunestyret vil ta endeleg stilling til den.

04.02.2016 MULTEK-UTVALET

020/16 VEDTAK:

Saka blir utsett til nytt møte den 9. februar 2016.

Vedtaket var samrøystes.

09.02.2016 MULTEK-UTVALET

035/16 VEDTAK:

MULTEK-utvalet si innstilling:

Utbygging av Kaldeelva kraftverk som omsøkt har negativ effekt på natur- og opplevelsesverdiane i området. Flytting av kraftstasjonen slik at Straumsbotnen vert meir skjerma burde vore eit utgreidd alternativ. Med dette som bakgrunn vil kommunestyret gå mot søknaden slik den no ligg føre.

Vedtaket var samrøystes.



SAKSGANG		
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
MULTEK-utvalet	04.02.2016	021/16
MULTEK-utvalet	09.02.2016	036/16
Kommunestyret	22.02.2016	

Avgjerd av: Kommunestyret Saksbehandlar: Bjørn Aurlien	Objekt: Arkiv: S11	Arkivsaknr.: 16/64-2
---	-------------------------------------	--------------------------------

Uttale til konsesjonssøknad - Sessaelva kraftverk

Vedlegg:

Dok.nr Tittel på vedlegg
264337 Kart Sessaelva

Oppsummering:

Det er ei nasjonal målsetting å auke produksjonen av fornybar energi. Gloppen kommune har naturressursar som kan utnyttast med moderate naturinngrep, og har så langt sett positivt på dei fleste prosjekta som har vore sendt på høyring.

Rådmannen ser ei utbygging av Sessaelva som lite konfliktyl, men stiller spørsmål ved om prosjektet er økonomisk forsvarleg og om ein i søknaden har teke tilstrekkeleg omsyn til naturfare.

Bakgrunn for saka:

NVE har lagt konsesjonssøknad for bygging av Sessaelva kraftverk ut til offentleg gjennomsyn med merknadsfrist 18.03.2016.

Saksutgreiing:

Rådgivende ingeniør Atle Wahl har på vegne av grunneigar Torill Solheim Holme søkt om løyve til å bygge kraftverk i Sessaelva. Elva renn ut i Hyefjorden rett innom rasoverbygget som vart etablert i Skasvora for ein del år sidan.

Kraftverket er planlagt med inntak i Sessaelva på kote 445. Her er tenkt ein knapt 2 meter høg betongdam med tilhøyrande inntakskonstruksjonar og eit lite, neddemt areal.

Frå inntaket er det planlagt sjakt i fjell fram til litt oppom kraftstasjonen. Denne kan etablerast anten ved retningsstyrt boring frå innslaget og opp, eller ved at det blir sprengt ein tunnell nokre hundre meter inn i fjellet og bora sjakt ned til denne. Dei siste 70 meter ned til kraftstasjonen vil det bli nedgravne røyr. Dersom tunnel blir valt vil det vere behov for deponering av om lag 10.000m³ masse, medan retningsstyrt boring berre gir eit masseoverskot på om lag 400m³.

Kraftstasjonen blir plassert på kt. 13 rett opp for fv. 615. Det er skissert ein kraftstasjonsbygning på om lag 100 m² tilpassa terreng og lokal byggeskikk. Her blir plassert

ein turbin med installert effekt på 2,45 MW. Forventa middel årsproduksjon er 6,63 GWh. Slukeevna er på 735 l/s, eller om lag 3.0x middelvassføring. Det er planlagt minstevassføring på 17 l/s sommar og 10 l/s vinter som samsvarer med 5-persentil av naturleg vassføring.

Det må byggast om lag 40 meter ny veg til kraftstasjonen, elles kan eksisterande vegar etablert i samband med bygging av rasoverbygget nyttast, eventuelt med mindre oppgradering. Utstyr og materialar til bygging av inntaket må fraktast opp med helikopter.

Tilknytning til straumnett er planlagt med 200 m jordkabel fram til eksisterande 22kV-kraftlinje. Det er i dag ikkje kapasitet på linja til å føre meir produksjon mot Sandane, så også dette prosjektet er avhengig av utbygging av Gjengedal kraftverk, ny 132kV-linje Gjengedal – Storebru og ny(e) transformatorstasjonar i Hyen. Om det også er behov for oppgradering av 22kV-linja går ikkje klart fram av søknaden.

Det er utan særleg utgreiing konkludert med at det ikkje er rasfare i området.

Økonomiske konsekvensar for kommunen:

Utbyggingskostnadene er kalkulert til 29,1 mill. som gir ein utbyggingspris på 4,40 kr/kWh. Søkjar meiner tiltaket vil gi inntekter til grunneigaren, slik at ho blir buande på garden, og at auka inntekter i hovudsak vil bli brukt lokalt. Tiltaket vil bidra til å oppretthalde kulturlandskapet og hindre fråflytting. Tiltaket vil også bety auka sysselsetting i anleggsperioden, og vil bidra med skatteinntekter til kommunen.

Det ligg ikkje ved ei økonomisk analyse av utbygginga, eller ei stipulering av skatteinntektene til kommunen. Så dyre utbyggingar har også i tider med betre straumpris vore rekna som svært krevjande økonomisk, og situasjonen ein har for tida med låge straumprisar er venta å vare. Rådmannen meiner at den økonomiske vurderinga er noko mangelfull for ei så dyr utbygging.

Rådmannen si vurdering:

Kommunestyret har vedteke følgjande retningslinjer for kommunen si behandling av søknader om småkraftverk:

Gloppen kommunestyre er positive til at det kan byggast ut småkraftverk i kommunen. Før kommunestyret tek avgjer til den einskilde søknad skal kommunestyret vurdere:

- Visuelt inntrykk etter utbygging
- Innverknad på det tradisjonelle landbruket (resipient, flaum m m)
- Tilhøvet til anna næring (t. d turistnæring, utmarksnæring)
- Naturinngrep ved utbygging
- Den samla utbygging i området
- Kraftlineføring
- Kor stor del av vassdraget som er tenkt utnytta
- Økonomi
- Eigarskap

Det vil normalt ikkje bli tilrådd utbygging i område som det allereie er lagt vernerestriksjonar på.

1. Visuelt inntrykk etter utbygging

Dette vil dreie seg om inntakskonstruksjonar i elva som ikkje er synleg anna enn for spesielt interesserte, ein kraftstasjonsbygning ved fylkesvegen, og terrengendring i terreng som i stor grad er endra tidlegare i samband med veg-/rassikringstiltak. Eventuell

deponering av 10.000m³ masse er ikkje særleg godt utgreia, men det er vist til at her er deponert masse frå før i samband med rassikringa.

2. Innverknad på det tradisjonelle landbruket (resipient, flaum m.m.)
Utbygginga vil i liten grad ha innverknad på landbruket, bortsett frå at ein må kunne håpe på at utbygginga vil styrke næringsgrunnlaget og gjennom det gi større handlingsrom for grunneigar dersom ho vel å halde fram med tradisjonelt landbruk.
3. Tilhøve til anna næring (t.d. turisme, utmarksnæring)
Neppe særleg relevant.
4. Naturinngrep
Konklusjonen frå konsekvensvurderinga for biologisk mangfald er at tiltaket vil ha liten til middels negativ verknad på biologisk mangfald langs elva. Dette er sjølvst i hovudsak knytt til verknad av redusert vassføring i elva.
5. Samla utbygging i området
NVE har sendt på høyring 12 småkraftsaker i Gloppen samtidig og ber spesielt om at samla belastning av utbyggingane blir vurdert.

Frå før er Tjøtaelva kraftverk etablert i nærområdet, om lag ein kilometer lengre sør. Kommunestyret har ikkje gitt nærare kriterier for kva som skal ligge i ei vurdering av samla belastning/utbygging. Rådmannen kan ikkje sjå at utbygging av Sessaelva i seg sjølv har særleg mykje å seie, men registrerer at denne utbygginga er avhengig av andre og vesentleg større tiltak for å kunne realiserast (sjå neste punkt)

6. Kraftlinjeføring
Kraftlinjeføringa for dette prosjektet isolert sett har lite å seie, men utbygginga som er ein føresetnad for at dette kraftverket skal kunne realiserast er ein vesentleg større sak. Men kommunestyret har tidlegare gitt positiv uttale også til ny 132kV-linje Gjengedal – Storebru.
7. Kor stor del av vassdraget som er tenkt utnytta
Det er planlagt minstevassføring på 17 liter/s om sommaren og 10 l/s om vinteren, som i følgje kartlegginga av biologisk mangfald til ein viss grad vil kunne redusere negative verknader. Slukeevne på 3,0x middelvassføring er høg utnytting, og inneber i praksis at ein reduserer vassføringa til minstevassføring med nokre få flaumtoppar. Brukstil på kraftverket er likevel i gjennomsnitt rekna til berre 2706 timar, eller knapt fire månader drift med full yting pr. år, noko som også etter rådmannen si vurdering indikerer at dette er eit marginalt prosjekt.
8. Økonomi
Utbyggingspris på 4,40 kr/kWh er svært høgt, og rådmannen stiller spørsmål ved økonomien i prosjektet, sjølv med elsertifikat. Ut frå ei vurdering av samfunnsnytte hadde det styrka søknaden dersom det var lagt fram ei analyse som viste at dette var ei god og fornuftig investering.
9. Eigarskap
Torill Solheim Holme eig fallretten åleine og står som søkjar. Rådmannen registrerer at det i ein del andre dyre kraftprosjekt blir teke inn eksterne eigarar når det kjem til utbygging, fordi risikoen for utbygarane blir for stor. Om det kjem til å skje her er uvisst, og om det er positivt eller negativt kjem vel også an på auget som ser.

Ein vesentleg del av nedslagsfeltet ligg innafor Naustdal – Gjengedal landskapsvernområde, men det er ingen vernerestriksjonar på den aktuelle elvestrekningen.

I tillegg til punkta kommunestyret har fastsett vil rådmannen kommentere det eg oppfattar som ei noko lettvindt utgreiing om naturfare. Påstanden om at her ikkje er rasfare synest dårleg fagleg forankra. Rådmannen reknar med at NVE ved behandling av denne saka vil gå nærare inn i spørsmålet om rasfare, og be om tilstrekkeleg dokumentasjon på at konstruksjonane blir sikra mot ras dersom konsesjon blir gitt.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Gloppen kommunestyre meiner planlagt utbygging av Sessaelva kraftverk er lite konfliktfylt, men stiller spørsmål ved økonomien i utbyggingsplanane, og om ein i søknaden har teke tilstrekkeleg omsyn til naturfare.

04.02.2016 MULTEK-UTVALET

021/16 VEDTAK:

Saka blir utsett til nytt møte den 9. februar 2016.

Vedtaket var samrøystes.

09.02.2016 MULTEK-UTVALET

Framlegg frå **Mariel Eikeset Koren (MDG)**:

Gloppen kommunestyre viser til rådmannen si saksutgreiing og til dei verdiane som eit slikt inngrep går utover og rår NVE til å ikkje gje konsesjon.

Framlegget fekk ei røyst og fall.

036/16 VEDTAK:

Rådmannen si tilråding vart innstilt mot ei røyst.



SAKSGANG		
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
MULTEK-utvalet	04.02.2016	022/16
MULTEK-utvalet	09.02.2016	037/16
Kommunestyret	22.02.2016	

Avgjerd av: Kommunestyret	Objekt:	Arkivsaknr.:
Saksbehandlar: Bjørn Aurlien	Arkiv: S11	16/60-2

Uttale til konsesjonssøknad - Øyrane kraftverk

Vedlegg:

Dok.nr Tittel på vedlegg
264483 Kart og bilde - Øyrane kraftverk

Oppsummering:

Det er ei nasjonal målsetting å auke produksjonen av fornybar energi. Gloppen kommune har naturressursar som kan utnyttast med moderate naturinngrep, og har så langt sett positivt på dei fleste prosjekta som har vore sendt på høyring.

Rådmannen registrerer at det er vesentlege konflikter mellom utbygginga av Øyrane kraftverk i Røyrvika og biologisk mangfald, landskapsverknader og inngrepsfrie naturområde, og meiner av den grunn at det ikkje bør bli gitt konsesjon til søknaden.

Bakgrunn for saka:

NVE har lagt konsesjonssøknad for bygging av Øyrane kraftverk ut til offentlig gjennomsyn med merknadsfrist 18.03.2016

Saksutgreiing:

Dei 7 grunneigarane i Røyrvika som har fallrett til Nipeelva er samde om å etablere selskapet Røyrvik Kraft AS for å bygge ut fallet mellom Røyrvikstøylsvatnet og Øyravatnet.

Kraftverket er planlagt med inntak ved Nipeelva sitt utløp frå Røyrvikstøylsvatnet om lag på kote 552. Her er tenkt ein 9 meter lang og inntil 3 meter høg betongdam/terskel med tilhøyrande inntakskonstruksjonar på sida. Det er vist tre ulike utbyggingsalternativ. I alternativ 1 er Røyrvikstøylsvatnet søkt regulert med 1 meter, i alternativ 2 innafor naturleg vasstandsvariasjon på 0,6 meter og i alternativ 3 utan regulering. Reguleringa skal likevel ikkje vere større enn 0,3 meter frå 15. mai til 15-juli. Eventuell regulering vil innebere at vatnet i flaumperiodar kan gå 0,3m over naturleg høgste nivå.

På vedlagt kart er vist korleis røyrigata er tenkt plassert i terrenget. Den følgjer på sida av elva i lag med planlagt tilkomstveg til inntaket dei første drøye 400 metrane, følgjer så vegen vekk frå elva og ligg i grove trekk i vegtraseen dei neste 6-700 metrane, og held så fram ned den bratte lia i eigen trase til kraftstasjonen. Det er gamal lauvskog og furuskog men enkelte spreidde grantre opp til skoggrensa om lag på kt. 530. Her er parti med grunt

vegetasjonsdekke, så røyrkata med diameter 70 cm vil ligge dels i fjellgrøft og dels i lausmassegrøft.

Det går ein traktorveg inn forbi planlagt kraftstasjonen som må oppgraderast. Det er planlagt ny veg på om lag 2,4 km frå eksisterande veg og opp til inntaket, og om lag 0,1km ny veg ned til kraftstasjonen. Delar av vegen til inntaket ligg i svært bratt terreng.

Kraftstasjonen blir plassert om lag 320meter opp for elva sitt utløp i Øyravatnet på kote 265. Her vil det bli ein kraftstasjonsbygning på om lag 70 m² tilpassa naturen i området, med ein turbin med installert effekt på 2,75 MW. Forventa middel årsproduksjon er 11,6 GWh (alt.1) 11,44 GWh (alt. 2) og 9,87 GWh (alt. 3), med om lag 60 % av produksjonen i perioden 1/5-30/9. Slukeevna er på 1200 l/s, eller om lag 2.0x middelvassføring. Det er planlagt minstevassføring på 40 l/s 1/5 – 30/9 og 36 l/s 1/10 -30/4 som samsvarer med 5-persentil vassføring. Nedre del av elva får tilført ein del vatn frå restfeltet.

Tilknytning til eksisterande 22kV-kraftlinje er planlagt først via 640m jordkabel i eiga grøft til inntaket for Røyrvik kraftverk og vidare 640 m i felles grøft i røyrkata fram til kraftstasjon, og vidare 200 m felles kabel til tilknytingspunktet. Det er ikkje gjort greie for om eksisterande . 22kV-linje har tilstrekkeleg kapasitet til å ta i mot produksjonen, men overordna nett har ikkje kapasitet i dag. Ein er difor avhengig av at det blir gitt konsesjon til ny 132kV-linje frå Gjengedal til Storebru med tilhøyrande transformatorstasjonar, og denne vil ikkje bli bygd utan at det blir gitt konsesjon til Gjengedal kraftverk.

Økonomiske konsekvensar for kommunen:

Utbyggingskostnadene er kalkulert til 34,5mill. som gir ein utbyggingspris på 2,97 kr/kWh og 3,01 kr/kWh for dei to alternativa med reguleringsmagasin og 3,49 kr/kWh utan regulering av vatnet. Dette er av dei gunstigaste utbyggingskostnaden av søknadene som er sendt til uttale nå. Søkjar meiner fordelane først og fremst er av økonomisk karakter. Utbygginga vil forbetre næringsgrunnlaget for gardsbruka i Røyrvika, og gjennom det styrke busetjinga.

Det ligg ikkje ved ei økonomisk analyse av utbygginga, eller ei stipulering av skatteinntektene til kommunen.

Rådmannen si vurdering:

Kommunestyret har vedteke følgjande retningslinjer for kommunen si behandling av søknader om småkraftverk:

Gloppen kommunestyre er positive til at det kan byggast ut småkraftverk i kommunen. Før kommunestyret tek avgjer til den einskilde søknad skal kommunestyret vurdere:

- *Visuelt inntrykk etter utbygging*
- *Innverknad på det tradisjonelle landbruket (resipient, flaum m m)*
- *Tilhøvet til anna næring (t. d turistnæring, utmarksnæring)*
- *Naturinngrep ved utbygging*
- *Den samla utbygging i området*
- *Kraftlineføring*
- *Kor stor del av vassdraget som er tenkt utnytta*
- *Økonomi*
- *Eigarskap*

Det vil normalt ikkje bli tilrådd utbygging i område som det allereie er lagt vernerestriksjonar på.

1. Visuelt inntrykk etter utbygging

Rådmannen meiner vassinntaket og konstruksjonane rundt desse er av lite omfang og har lite å seie. Regulering av vatnet, i alle fall innafor naturleg variasjon, bør også vere lite kontroversielt i forhold til visuell påverknad. Redusert vassføring i elva vil i liten grad vere utfordrande visuelt, då den delen som blir mest påverka er lite tilgjengeleg og lite synleg frå området rundt. Kraftgate og ny permanent veg ligg dels over skoggrensa og dels i svært bratt terreng. Det er grunn til å tru at utbygginga vil innebere omfattande terrenginngrep og sår i landskapet som vil vere godt synleg i mange år framover, sjølv om det blir lagt vekt på tilstelling og revegetering. Ein kraftstasjon utforma på rett måte vil neppe vere til sjenanse for nokon. Kabelgrøfta gjennom myrområdet ved Øyravatnet vil gjerne gro fortare til att enn kraftgate og vegskråningar. Landskapsrommet som blir påverka av alt dette er relativt avgrensa, og truleg lite brukt til allment friluftsliv. Kommunestyret har frå før gitt grønt lys til at det kan byggast 132kV-kraftline i det same landskapsrommet.

2. Innverknad på det tradisjonelle landbruket (resipient, flaum m.m.)

Heile utbyggingsområdet ligg i utmarka. Området blir delvis beita, men beitetrykket er ikkje stort. Utbygginga vil innebere oppgradering av eksisterande vegar og bygging av nye, som vil kunne lette uttak av ved og tømmer, og lette tilsyn med beitedyr. Elles bør kraftproduksjonen gi inntekter til grunneigarane som vil kunne styrke livsgrunnlaget på gardsbruka.

3. Tilhøve til anna næring (t.d. turisme, utmarksnæring)

Her er lite anna næring enn landbruk heilt lokalt i Røyrvika. Det er nemnt i søknaden at anleggsarbeidet vil gi kortvarig arbeid til nokre få personar, om dette blir lokale entreprenørar avheng mellom anna av kor mange prosjekt som skal realiserast på same tid. Drift av kraftverket inneber noko sysselsetting.

4. Naturinngrep

Ein del av dette er omtalt under pkt. 1. Konklusjonen frå konsekvensvurderinga for biologisk mangfald er at kraftgate, vegbygging og kabelføring vil ha middels negativ verknad på biologisk mangfald, at regulering av vatnet etter alt. 1 vil ha stor negativ verknad og etter alt. 2 middels negativ verknad dersom ein følgjer eit strengt reguleringsregime. Det er registrert fire naturtypeområder med verdi viktig (B) som blir negativt påverka av utbygginga. Av desse er anleggsveg og røyrgate i Aurhammarslia, fråføring av vatn i Nipedalen og kabelgrøfta gjennom myra ved Øyravatnet dei med konsekvensar av noko omfang. Det er også registrert ein del raudlistearter som kan bli påverka av tiltaket. Inngrepssone 2, 1-3 km frå tyngre tekniske inngrep, blir redusert med om lag 2,5 km². Reknar ein også regulering av vatnet som eit inngrep, blir reduksjonen vesentleg større.

5. Samla utbygging i området

NVE har sendt på høyring 12 småkraftsaker i Gloppen samtidig og ber spesielt om at samla belastning av utbyggingane blir vurdert.

Dei næraste eksisterande kraftverka er Heimseta kraftverk og Rongkleiv kraftverk. Det er også planar om å bygge ut fallet frå Øyravatnet til Røyrvikvatnet, sjå eiga sak om Røyrvik kraftverk. Vidare er det ein føresetnad for utbygginga at Gjengedal kraftverk og ny 132kV-kraftlinje til Storebru blir bygd. Som nemnt vil kraftlina gjerne gå gjennom same området.

Kommunestyret har ikkje gitt nærare kriterier for kva som skal ligge i ei vurdering av

samla utbygging. Røyrvik kraftverk og Øyrane kraftverk vil ligge i same landskapsområde og til ein viss grad påverke kvarandre. Det same gjeld 132kV-linja, sjå neste punkt. Dei andre kraftverka som er nemnt vil i liten grad ha noko å seie for desse utbyggingsplanane.

6. Kraftlinjeføring

Kraftlinjeføringa for dette prosjektet går gjennom ei myr langs Øyravatnet, og kartlegginga av biologisk mangfald som følgjer søknaden konkluderer med at dette vil vere negativt for myra. Kor negativt kjem litt an på korleis arbeidet blir utført. Vidare føreset ein at det også blir gitt konsesjon til Røyrvik kraftverk, og at kraftverket blir bygd ut, med tanke på felles linjeføring vidare. SFE har søkt konsesjon for 132kV-linje frå Gjengedal til Storebru. Deira prioriterte trase går i same landskapsrommet som Øyrane kraftverk ligg i, rett sør for Øyravatnet.

7. Kor stor del av vassdraget som er tenkt utnytta

Slukeevne på 2,0x middelvassføring er ei ganske normal utnytting for elvekraftverk. Det blir lange periodar med minstevassføring mellom flaumtoppane. Konklusjonen frå rapport om biologisk mangfald er etter det rådmannen kan sjå at minstevassføringa bør aukast, men at tiltaket uansett vil ha negativ innverknad på fuktkevjande arter i og langs elva.

8. Økonomi

Utbyggingspris på rundt 3,0 kr/kWh er av det lågaste av søknadene som er til vurdering nå. Dersom det t.d. blir pålagt vesentleg høgare minstevassføring og regulering av vatnet ikkje blir akseptert, er det grunn til å tru at økonomien i prosjektet blir anstrengt.

9. Eigarskap

Grunneigarane står i utgangspunktet bak søknad og utbyggingsplanar. Om det held fram å vere situasjonen dersom det blir gitt konsesjon, vil vise seg etter kvart. Her er på landsbasis ein god del småkraftprosjekt, både utbygde og planlagde, som er kjøpt opp av eksterne aktørar.

Det er ingen vernerestriksjonar på det aktuelle vassdraget.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Gloppen kommunestyre viser til saksutgreiinga og meiner utbygginga av Øyrane kraftverk i for stor grad er i konflikt med naturverdiar i utbyggingsområdet til at det bør bli gitt konsesjon.

04.02.2016 MULTEK-UTVALET

022/16 VEDTAK:

Saka blir utsett til nytt møte den 9. februar 2016.

Vedtaket var samrøystes.

09.02.2016 MULTEK-UTVALET

Merknad til rådmannen si tilråding frå grunneigarane i Røyrvik datert 7. februar 2016 vart lagt fram.

Framlegg frå **Arnar Kvernevik (Ap)**:

Gloppen kommunestyre viser til rådmannen si saksutgreiing, men vurderer fordelane med tiltaket som klart større enn ulempene. Utbygginga vil framskaffe energi til ein svært konkurransedyktig pris og det lokale landbruket vil ha stor nytteverdi av dei planlagde transportanlegga. Ei monaleg strekning av Nipeelva vil renne urørt sjølv etter utbygging av Øyrane kraftverk. Kommunestyret viser også til ei tidlegare positiv innstilling til ny 132kV-linje gjennom området.

Kommunestyret vil likevel be om at det vert gjeve konsesjon i tråd med alternativ 2; regulering av Røyrvikstøylsvatnet innafor naturleg vasstand.

Framlegget vart vedteke mot ei røyst.

037/16 VEDTAK:

Framlegget frå Arnar Kvernevik vart innstilt mot ei røyst.



SAKSGANG		
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
MULTEK-utvalet	04.02.2016	023/16
MULTEK-utvalet	09.02.2016	038/16
Kommunestyret	22.02.2016	

Avgjerd av: Kommunestyret Saksbehandlar: Bjørn Aurlien	Objekt: Arkiv: S11	Arkivsaknr.: 16/61-2
---	-------------------------------------	--------------------------------

Uttale til konsesjonssøknad - Røyrvik kraftverk

Vedlegg:

Dok.nr Tittel på vedlegg
264583 Kart og bilde - Røyrvik kraftverk

Oppsummering:

Det er ei nasjonal målsetting å auke produksjonen av fornybar energi. Gloppen kommune har naturressursar som kan utnyttast med moderate naturinngrep, og har så langt sett positivt på dei fleste prosjekta som har vore sendt på høyring.

Rådmannen registrerer at det er peika på konflikter mellom utbygginga av Røyrvik kraftverk og biologisk mangfald, men meiner likevel at utbygginga bør kunne akseptast. Rådmannen er i tvil om utbygginga er fornuftig å gjennomføre med tanke på høg utbyggingskostnad.

Bakgrunn for saka:

NVE har lagt konsesjonssøknad for bygging av Røyrvik kraftverk ut til offentleg gjennomsyn med merknadsfrist 18.03.2016.

Saksutgreiing:

Dei 7 grunneigarane i Røyrvika som har fallrett til Røyrvikelva er samde om å etablere selskapet Røyrvik Kraft AS for å bygge ut fallet mellom Øyravatnet og Røyrvikvatnet. Det er også planlagt inntak i Langevassgrova og overføring til Øyravatnet.

Inntaket til kraftverket er planlagt ved Røyrvikelva sitt utløp frå Øyravatnet om lag på kote 262. Her er tenkt ein om lag 24meter lang og inntil 2 meter høg betongdam/terskel med tilhøyrande inntakskonstruksjonar på sida. Inntaket i Langevassgrova er ikkje nærare omtalt i søknaden.

På vedlagt kart og bilde er vist korleis rørgata er tenkt plassert i terrenget. Røyr med diameter 500mm blir grave ned i lausmasse, dels myr, frå inntak på kote 270 til utløp i Øyravatnet. Frå inntaket rett nedom naturleg utløp frå Øyravatnet følgjer nedgraven rørgate med diameter 1000mm dels kanten av elva og dels eksisterande landbruksveg ned til kraftstasjon rett oppom utløpet i Røyrvikvatnet. Siste delen av rørgata går over dyrka mark.

Det går ein traktorveg opp til og med bru over elva og i praksis ikkje mykje meir enn eit køyrespor vidare mot inntaket i Langevassgrova. Her er planlagt knapt 500m ny veg til dette inntaket og om lag 70m ny veg til inntaket ved Øyravatnet. Vidare vil det vere behov for 90m ny veg til kraftstasjonen.

Kraftstasjonen blir plassert på kote 192 om lag 30 meter opp for elva sitt utløp i Røyrvikvatnet. Her vil det bli ein kraftstasjonsbygning på om lag 80 m² tilpassa lokal byggeskikk, med to turbinar med installert effekt på 1,4MW. Forventa middel årsproduksjon er 2.06 GWh vinterkraft og 3.12 GWh sommarkraft, til saman 5,18 GWh. Slukeevna er på 2460 l/s, dette tilsvarar 1.8 x middelvassføring. Det er planlagt minstevassføring på 95 l/s 1/5 – 30/9 og 84 l/s 1/10 -30/4 som samsvarer med 5-persentil vassføring. Det ser ikkje ut til å vere lagt opp til minstevassføring i resten av Langevassgrova frå inntaket og fram til samløpet med Røyrvikelva.

Tilknytning til eksisterande 22kV-kraftlinje er planlagt først via 200 m jordkabel til tilknytingspunktet. Det er ikkje gjort greie for om eksisterande 22kV-linje har tilstrekkeleg kapasitet til å ta i mot produksjonen, men overordna nett har ikkje kapasitet i dag. Ein er difor avhengig av at det blir gitt konsesjon til ny 132kV-linje frå Gjengedal til Storebru med tilhøyrande transformatorstasjonar, og denne vil ikkje bli bygd utan at det blir gitt konsesjon til Gjengedal kraftverk.

Økonomiske konsekvensar for kommunen:

Utbyggingskostnadene er kalkulert til 21,35mill. som gir ein utbyggingspris på 4,12 kr/kWh. Søkjar meiner fordelane først og fremst er av økonomisk karakter, at utbygginga vil forbetre næringsgrunlaget for gardsbruka i Røyrvika, og gjennom det styrke busetjinga.

Det ligg ikkje ved ei økonomisk analyse av utbygginga, eller ei stipulering av skatteinntektene til kommunen.

Rådmannen si vurdering:

Kommunestyret har vedteke følgjande retningslinjer for kommunen si behandling av søknader om småkraftverk:

Gloppen kommunestyre er positive til at det kan byggast ut småkraftverk i kommunen. Før kommunestyret tek avgjer til den einskilde søknad skal kommunestyret vurdere:

- *Visuelt inntrykk etter utbygging*
- *Innverknad på det tradisjonelle landbruket (resipient, flaum m m)*
- *Tilhøvet til anna næring (t. d turistnæring, utmarksnæring)*
- *Naturinngrep ved utbygging*
- *Den samla utbygging i området*
- *Kraftlineføring*
- *Kor stor del av vassdraget som er tenkt utnytta*
- *Økonomi*
- *Eigarskap*

Det vil normalt ikkje bli tilrådd utbygging i område som det allereie er lagt vernerestriksjonar på.

1. Visuelt inntrykk etter utbygging

Rådmannen er ikkje uroleg for det visuelle inntrykket av dei tekniske anlegga knytt til utbygginga. Dei vil kanskje vere dominerande i anleggsfasen, men etter nokre år vil dette gå seg til. Bilda som ligg ved søknaden som illustrasjon på ulike vassføring viser at

utbygginga vil vere negativ for den visuelle opplevinga av elva. Så kan ein sjølv sagt stille spørsmål ved kor mange dette eigentleg går ut over. Landskapsrommet som blir påverka er relativt avgrensa, og truleg lite brukt til allment friluftsliv. Kommunestyret har frå før gitt grønt lys til at det kan byggast 132kV-kraftline i same landskapsrommet.

2. Innverknad på det tradisjonelle landbruket (resipient, flaum m.m.)
Utbyggingsområdet ligg dels i heimeutmark, dels på dyrka mark. Området blir delvis beita, men beitetrykket er neppe stort. Ein må pårekne omdisponering av om lag ein dekar dyrka mark til veg og kraftstasjon. Utbygginga vil innebere oppgradering av eksisterande vegar og bygging av nye, som vil kunne lette uttak av ved og tømmer, og lette tilsyn med beitedyr. Elles bør kraftproduksjonen gi inntekter til grunneigarane som vil kunne styrke livsgrunnlaget på gardsbruka.
3. Tilhøve til anna næring (t.d. turisme, utmarksnæring)
Her er lite anna næring enn landbruk lokalt i Røyrvika. Det er nemnt i søknaden at anleggsarbeidet vil gi kortvarig arbeid til nokre få personar, om dette blir lokale entreprenørar avheng mellom anna av kor mange prosjekt som skal realiserast på same tid. Drift av kraftverket inneber noko sysselsetting.
4. Naturinngrep
Ein del av dette er omtalt under pkt. 1. Konklusjonen frå konsekvensvurderinga for biologisk mangfald er at utbygginga vil ha stort negativt omfang og stor negativ konsekvens for biologisk mangfald samla sett, men dette gjeld spesielt for elvemosevegetasjon og er altså knytt til den store reduksjonen av vassføring i elva. Høgare minstevassføring vil kunne redusere dei negative konsekvensane. Det er registrert to naturtypeområder med verdi viktig (B), og ein svært viktig (A) viltlokalitet som blir negativt påverka av utbygginga. Det er også registrert nokre raudlistearter som kan bli påverka av tiltaket.
5. Samla utbygging i området
NVE har sendt på høyring 12 småkraftsaker i Gloppen samtidig og ber spesielt om at samla belastning av utbyggingane blir vurdert.

Dei næraste eksisterande kraftverka er Heimseta kraftverk og Rongkleiv kraftverk. Det er også planar om å bygge ut fallet frå Røyrvikstølsvatnet til Øyravatne, sjå eiga sak om Øyrane kraftverk. Vidare er det ein føresetnad for utbygginga at Gjengedal kraftverk og ny 132kV-kraftlinje til Storebru blir bygd. Som nemnt vil kraftlina gå gjennom same området.

Kommunestyret har ikkje gitt nærare kriterier for kva som skal ligge i ei vurdering av samla utbygging. Røyrvik kraftverk og Øyrane kraftverk vil ligge i same landskapsområde og til ein viss grad påverke kvarandre. Det same gjeld 132kV-linja, sjå neste punkt. Dei andre kraftverka som er nemnt vil i liten grad ha noko å seie for desse utbyggingsplanane.

6. Kraftlinjeføring
Kraftlinjeføringa for dette prosjektet følgjer dels eksisterande veg og dels ny veg til kraftstasjonen, og er heilt uproblematisk. Eventuelle behov for oppgradering av eksisterande 22kV-linje er ikkje omtalt. SFE har søkt konsesjon for 132kV-linje frå Gjengedal til Storebru. Deira prioriterte trase går over/langs Røyrvikelva.
7. Kor stor del av vassdraget som er tenkt utnytta
Slukeevne på 1,8x middelvassføring er ei ganske normal utnytting for elvekraftverk. Det

blir lange periodar med minstevassføring mellom flaumtoppane. Konklusjonen frå rapport om biologisk mangfald er etter det rådmannen kan sjå at minstevassføringa bør aukast, men at tiltaket uansett vil ha negativ innverknad på fuktkevrande arter i og langs elva.

8. Økonomi

Utbyggingspris på rundt 4,12 kr/kWh er høgt i forhold til tidlegare godkjente prosjekt i Gloppen kommune, og rådmannen stiller spørsmål ved realismen i prosjektet.

9. Eigarskap

Grunneigarane står i utgangspunktet bak søknad og utbyggingsplanar. Om det held fram å vere situasjonen dersom det blir gitt konsesjon vil vise seg etter kvart. Her er på landsbasis ein god del småkraftprosjekt, både utbygde og planlagde, som er kjøpt opp av eksterne aktørar.

Det er ingen vernerestriksjonar på det aktuelle vassdraget.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Rådmannen registrerer at det er kvalitetar i Røyrvikelva knytt til biologisk mangfald som vil bli skada/reduert av redusert vassføring i elva, men meiner elles at tiltaksområdet alt er såpass påverka at ei utbygging kan akseptrast. Det bør også leggst opp til minstevassføring i Langevassgrova nedanfor inntaket. Rådmannen er usikker på om prosjektet er så gunstig økonomisk at det bør gjennomførast.

04.02.2016 MULTEK-UTVALET

023/16 VEDTAK:

Saka blir utsett til nytt møte den 9. februar 2016.

Vedtaket var samrøystes.

09.02.2016 MULTEK-UTVALET

038/16 VEDTAK:

MULTEK-utvalet si innstilling:

Gloppen kommunestyre viser til rådmannen si utgreiing. Sjølv om det er kvalitetar i Røyrvikelva knytt til biologisk mangfald som vil kunne bli rørt av redusert vassføring i elva, er tiltaksområdet såpass påverka at ei utbygging kan akseptrast. Kommunestyret rår til at det vert gjeve konsesjon og legg til grunn at det i konsesjonsvilkåra vert kravd minstevassføring i Langevassgrova. Kommunestyret viser også til ei tidlegare positiv innstilling til ny 132kV-linje gjennom området.

Vedtaket var samrøystes.



SAKSGANG		
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
MULTEK-utvalet	04.02.2016	024/16
MULTEK-utvalet	09.02.2016	039/16
Kommunestyret	22.02.2016	

Avgjerd av: Kommunestyret Saksbehandlar: Bjørn Aurlien	Objekt: Arkiv: S11	Arkivsaknr.: 16/62-2
---	-------------------------------------	--------------------------------

Uttale til konsesjonssøknad - Ommedal kraftverk

Vedlegg:

Dok.nr Tittel på vedlegg
264688 Kart Ommedal

Oppsummering:

Det er ei nasjonal målsetting å auke produksjonen av fornybar energi. Gloppen kommune har naturressursar som kan utnyttast med moderate naturinngrep, og har så langt sett positivt på dei fleste prosjekta som har vore sendt på høyring.

Rådmannen meiner opplevingsverdien av elva vil bli redusert ved ei utbygging, og stiller spørsmål ved konklusjonane i rapporten som gjeld minstevassføring. Rådmannen registrerer at det også for dette prosjektet er høge utbyggingskostnader, men har elles ikkje vesentlege merknader til at det blir gitt konsesjon.

Bakgrunn for saka:

NVE har lagt konsesjonssøknad for bygging av Ommedal kraftverk ut til offentlig gjennomsyn med merknadsfrist 18.03.2016.

Saksutgreiing:

I følgje matrikkelen vart fallretten til Ommedalselva frådelt frå grunneigarane til Sogn og Fjordane fylkeskommune i 1961. Denne vart overteken av SFE Produksjon AS i 2010. Det er ikkje utfyllande orientert om dette i søknaden, men fallretten omfattar tydelegvis også Ommedaltverrelva som nå blir søkt utbygd.

Vesleelva er ei sideelv til Tverrelva som går saman med denne om lag på kote 380. Inntaket til kraftverket er planlagt i Vesleelva om lag på kote 430. Her er tenkt ein om lag 40meter lang og inntil 4 meter høg gravitasjonsdam med tilhøyrande inntakskonstruksjonar. Det er også planlagt å overføre vatnet frå Tverrelva til Vesleelva. Inntaket i Tverrelva vil vere ein 25meter lang og inntil 4 meter høg gravitasjonsdam om lag på kote 437. Det er rasfare i inntaksområda, og damtype og inntakskonstruksjonar vil bli tilpassa dette. Dei to inntaksdammane blir på eit knapt dekar kvar.

På vedlagt kart og bilde er vist korleis røyr gata er tenkt plassert i terrenget. Røyr med diameter 900 mm blir grave ned frå inntaket i Tverrelva til inntaksbassenget i Vesleelva.

Området er dels myr og dels lauvskog, truleg med relativt grunt jordsmonn slik at noko sprenging må påreknast i grøftetraseen. Frå inntaket i Vesleelva vil vassvegen bestå av 500 m bora sjakt med diameter 1200 mm, 30 m trykktunnel, 470 m røyr på fundament i tunnel og 100m nedgrave røyr fram til kraftstasjonen. Siste delen går gjennom eit innmarksbeite. 22kV-linje som ein planlegg å kople seg til går gjennom dette området.

Det går ein landbruksveg opp lia til Ommedalstøyle. Det er planlagt 80 m ny permanent veg frå støylsvegen til inntaket i Tverrelva og vidare om lag 300 m langs røyr gata til hovudinntaket i Vesleelva. Vidare er det planlagt om lag 70 m mellombels veg til tunnelinnslaget, og 30m permanent veg til kraftstasjonen.

Kraftstasjonen blir plassert på kote 41 attmed elva rett på oppsida av fylkesvegen. Her vil det bli ein kraftstasjonsbygning på om lag 100 m² med turbin med installert effekt på 6,5 MW. Forventa middel årsproduksjon er 8,1 GWh vinterkraft og 10,8 GWh sommarkraft, til saman 18,9 GWh. Slukeevna er på om lag 520 l/s frå Tverrelva og 2000 l/s samla, dette tilsvarar 2,25 x middelvassføringa. Det er planlagt minstevassføring på 90 l/s 1/5 – 30/9 og 20 l/s 1/10 -30/4 som samsvarer med 5-persentil vassføring. Det er ikkje lagt opp til minstevassføring i Tverrelva frå inntaket og dei om lag 250 metrane fram til samløpet med Vesleelva.

Tilknytning til eksisterande 22kV-kraftlinje er planlagt via 45m jordkabel til tilknytingspunktet. Det er ikkje gjort greie for om eksisterande 22kV-linje har tilstrekkeleg kapasitet til å ta i mot produksjonen, men overordna nett har ikkje kapasitet i dag. Ein er difor avhengig av at det blir gitt konsesjon til ny 132kV-linje frå Gjengedal til Storebru med tilhøyrande transformatorstasjonar, og denne vil ikkje bli bygd utan at det blir gitt konsesjon til Gjengedal kraftverk.

Utbygginga vil innebere eit masseoverskot på om lag 5000 m³ som er planlagt brukt for å heve eit om lag 8 dekar stort flaumutsett jordbruksområde langs elva.

Økonomiske konsekvensar for kommunen:

Utbyggingskostnadene er kalkulert til 78 mill. som gir ein utbyggingspris på 4,10 kr/kWh. Søkjar meiner utbygginga vil gi inntekter til eigar, grunneigar, fallrettseigar, kommunen og staten, men det ligg ikkje ved ei økonomisk analyse av utbygginga, eller ei stipulering av t.d. inntektene til kommunen gjennom auka skatteinngang og utbytte. Gloppen kommune/Gloppen Energi AS eig 3,36% av aksjane i SFE.

Rådmannen si vurdering:

Kommunestyret har vedteke følgjande retningslinjer for kommunen si behandling av søknader om småkraftverk:

Gloppen kommunestyre er positive til at det kan byggast ut småkraftverk i kommunen. Før kommunestyret tek avgjer til den einskilde søknad skal kommunestyret vurdere:

- *Visuelt inntrykk etter utbygging*
- *Innverknad på det tradisjonelle landbruket (resipient, flaum m m)*
- *Tilhøvet til anna næring (t. d turistnæring, utmarksnæring)*
- *Naturinngrep ved utbygging*
- *Den samla utbygging i området*
- *Kraftlineføring*
- *Kor stor del av vassdraget som er tenkt utnytta*
- *Økonomi*
- *Eigarskap*

Det vil normalt ikkje bli tilrådd utbygging i område som det allereie er lagt vernerestriksjonar på.

1. Visuelt inntrykk etter utbygging

Utbygginga i kraftstasjonsområdet vil ha lite å seie visuelt, då dette ligg midt i bebygd område. Inntakskonstruksjonane vil vere framandelement i elva, men vil berre vere synlege på nært hald. Støylsvegen kan truleg uansett seiast å vere eit langt større terrenginngrep enn dei fysiske konstruksjonane knytt til kraftutbyggingsplanane. Den gamle råsa til Ommedalstøylen følgjer i lengre parti ryggen oppover langs sørsida av elva, mange stader med godt utsyn til elva, og vesentleg redusert vassføring kan bli opplevd negativt. Råsa kryssar Vesleelva litt nedom inntaket. Støylsråsa ber preg av redusert bruk etter at vegen til Ommedalstøylen vart bygd, men er framleis rimeleg lett å finne og god å gå. Dette er ein av Gloppen sine 20 anbefalte turar, avmerka på turkartet og anbefalt på kommunen si heimeside. Rådmannen er likevel usikker på kor mange som faktisk går her. Ommedalstverrelva er eit fint landskapselement som vil få redusert opplevingsverdi, men den er synleg i eit svært avgrensa landskapsrom med lite ferdsle.

2. Innverknad på det tradisjonelle landbruket (resipient, flaum m.m.)

Masseoverskotet vil bli brukt til å heve om lag 8 dekar dyrka mark som er utsett for flaum. Elles kan ikkje rådmannen sjå at det er vesentlege verknader for landbruket. Rådmannen har ikkje oversikt over kva utbygginga kan ha å seie økonomisk for grunneigarane.

3. Tilhøve til anna næring (t.d. turisme, utmarksnæring)

Her er lite anna næring enn landbruk lokalt i Ommedal. Det er nemnt i søknaden at det i byggeperioden vil vere behov for arbeidskraft, truleg lokal. Kor mykje som kan gjerast av lokale firma vil vere avhengig av kor mange utbyggingar som får konsesjon og som skal realiserast samtidig.

4. Naturinngrep

Ein del av dette er omtalt under pkt. 1. Valet av utbyggingsløyising med bora sjakt og tunnel er gunstig med tanke på naturinngrep. Konklusjonen frå konsekvensvurderinga for biologisk mangfald er at utbygginga vil ha liten negativ konsekvens, men rådmannen ser ikkje bort frå at ein annan konsulent kunne kome til eit anna resultat, då rapportane som følgjer ulike småkraftsaker har ein del ulikskaper. I følgje utgreiinga er det lite kunnskap om korleis redusert vassføring verkar på fuktkevjande flora langs elva, og difor ikkje grunnlag for å seie kor stor minstevassføringa burde vere. Rådmannen er litt overraska over denne konklusjonen, både fordi andre konsulentar synest å ha meir kunnskap om dette, og at kraftutbygging med redusert vassføring ikkje er noko nytt fenomen.

5. Samla utbygging i området

NVE har sendt på høyring 12 småkraftsaker i Gloppen samtidig og ber spesielt om at samla belastning av utbyggingane blir vurdert.

Dei næraste eksisterande kraftverka er Rongkleiv kraftverk (utbygd), Gjengedal kraftverk (omsøkt) og Aa-Tverrelva kraftverk (konsesjon gitt). Ingen av desse ligg i umiddelbar nærleik til Ommedal kraftverk. Det ein føresetnad for utbygginga at Gjengedal kraftverk og ny 132kV-kraftlinje til Storebru blir bygd.

Kommunestyret har ikkje gitt nærare kriterier for kva som skal ligge i ei vurdering av samla utbygging. Dei andre kraftverka som er nemnt vil i liten grad ha noko å seie for desse utbyggingsplanane.

6. Kraftlinjeføring
Kraftlinjeføringa for dette prosjektet er heilt uproblematisk. Eventuelle behov for oppgradering av eksisterande 22kV-linje er ikkje omtalt, og kan difor ikkje vurderast. SFE har søkt konsesjon for 132kV-linje frå Gjengedal til Storebru, men denne linja vil ikkje gå gjennom Ommedal.
7. Kor stor del av vassdraget som er tenkt utnytta
Slukeevne på 2,25x middelvassføring er ei relativt høg utnytting, og ein må rekne med at vassføringa i elva i stor grad blir endra til nokre større og mindre flaumtoppar og elles på det jamne minstevassføring. Særleg i sommarperioden reknar rådmannen med at dette vil vere ei vesentleg og merkbar endring frå naturleg situasjon. Brukstida av kraftverket er stipulert til 2900timar, som tilsvarar om lag 4 månader drift med full last.
8. Økonomi
Utbyggingspris på 4,10 kr/kWh er svært høgt i forhold til tidlegare godkjente småkraftprosjekt i Gloppen kommune.
9. Eigarskap
SFE eig fallretten og står som søkjar og utbygger. Gjennom det er også Gloppen kommune involvert på eigarsida.

Det er ingen vernerestriksjonar på det aktuelle vassdraget.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Gloppen kommunestyre har ikkje vesentlege innvendingar mot at det blir gitt konsesjon til utbygging av Ommedal kraftverk, men sluttar seg til spørsmåla rådmannen har stilt i saksutgreiinga til nokre av konklusjonane i søknaden.

04.02.2016 MULTEK-UTVALET

024/16 VEDTAK:

Saka blir utsett til nytt møte den 9. februar 2016.

Vedtaket var samrøystes.

09.02.2016 MULTEK-UTVALET

Solveig Lien Gusdal (Sp) og Ole Henning Ommedal (Sp) gjekk frå som ugilde i medhald av § 6, 2. ledd i forvaltningslova.

Framlegg frå Mariel Eikeset Koren (MDG):

Gloppen kommunestyre viser til rådmannen si saksutgreiing og til dei naturverdiane som eit slikt inngrep går utover og rår NVE til å ikkje gje konsesjon.

Framlegget fekk ei røyst og fall.

Framlegg frå **Arnar Kvernevik (Ap)**:

Gloppen kommunestyre viser til rådmannen si tilråding. Kommunestyret finn at fordelane ved utbygging er større enn ulempene og at søknaden av den grunn må innvilgast, men forutset at det vert stilt krav om minstevassføring i Tverrelva.

Framlegget vart vedteke med 4 røyster.

039/16 VEDTAK:

Framlegget frå Arnar Kvernevik vart innstilt mot ei røyst.

(Det var fem røysteføre i saka.)